Norges
vassdrags- og
energidirektorat

NVE

KI-notat nr.: 35/2009 - Bakgrunn for vedtak

Søker/sak:	**Småkraft AS/Bygging av Lidal kraftverk**
Fylke/kommune:	Sogn og Fjordane/ Sogndal
Ansvarlig:	Øystein Grundt Sign.:
Saksbehandler:	Ingrid Haug Sign.:
Dato:	29 JUN 2009
Vår ref.:	NVE 200702109-13 ki/inh
Sendes til:	Søker og alle som har uttalt seg til saken

Middelthuns gate 29
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO
Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no
Org. nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
0827 10 14156

Søknad om tillatelse til å bygge Lidal kraftverk i Sogndal kommune, Sogn og Fjordane

Innhold

Sammendrag 1
Søknaden 3
Høring og distriktsbehandling 5
Søkers kommentarer til høringsuttalelsene 40
Tilleggsutredninger og justering av søknaden 53
Norges vassdrags- og energidirektorats (NVEs) merknader 56
NVEs vurdering 65
NVEs konklusjon 73
Merknader til konsesjonsvilkårene: 74
Vedlegg: Illustrasjon av kraftstasjon/trafostasjon

Sammendrag

Småkraft AS søker om tillatelse til å utnytte fallet i elvene Kvanndøla og Breiseteelvi for å bygge Lidal kraftverk i Sogndal kommune. Kraftverket er ett av totalt 5 omsøkte småkraftverk rundt Fjærlandsfjorden. Kvanndøla og Breiseteelvi ligger på østsiden av Fjærlandsfjorden og har felles utløp ved grenda Lidal, 7-8 km sør for Mundal og på motsatt side av fjorden. Kraftverket er omsøkt med inntak i Kvanndøla og Breiseteelvi på kote 600 og med nedgravde rør ned til kraftstasjon i dagen med utløp i fjorden. Kraftverket vil etter omsøkt plan gi en årlig produksjon på rundt 24 GWh.

Hovedargumentene imot en utbygging av Lidal kraftverk er i hovedsak knyttet til inngrep i et særdeles vakkert kultur- og fjordlandskap, samt reduksjon og bortfall av inngrepsfrie naturområder. Forringelse av det totale landskapsbildet og opplevelseskvaliteten til Fjærlandsfjorden sett i sammenheng med de andre omsøkte småkraftprosjektene i området er også argumenter mot en utbygging av Lidal kraftverk.

Nedre del av Kvanndøla er definert som bekkekløft, en naturtype som er verdifull i biologisk mangfold sammenheng. Her ble det registrert en rødlistet lavvart (NT). Arten ble funnet på en relativ lysåpen og tørr stein og omsøkte utbygging antas å ha liten innvirkning på forekomsten. Det er også anadrom strekning i nedre del av elva, men elva antas å ha liten betydning for anadrom fisk.

NVE mener det er mulig å bygge ut Lidal kraftverk uten at dette skal forringe kultur- og fjordlandskapet vesenlig. Vi mener en rørtrasé ned fjellsiden i Lidal er uakseptabelt, men ved at vannveien i sin helhet legges i fjell mener vi dette er akseptabelt. Når det gjelder stasjonsplassering mener NVE at man har funnet frem til en god landskapsmessig løsning der kraftstasjonen kombineres med ny transformatorstasjon i tilknytning til kaianlegget helt nede ved fjorden. Ved bruk av båt og helikopter ved bygging vil anleggsveier således i sin helhet unngås. I tillegg skal ny 132 kV ledning over til Leikanger legges i fjell sammen med vannveien på de første 2-300 metrene. På denne måten unngås alle synlige inngrep i landskapet oppover fjellsiden. Andre argumenter som for eksempel elvene som landskapselement og forhold for biologisk mangfold, mener vi kan avbøtes med blant annet slipp av tilstrekkelig minstevannføring på ubyggingsstrekningen hele året.

Når det gjelder reduksjon av INON-områder må dette ses i sammenheng med utbygging av Romøyri kraftverk, ny 132 kV linje, samt sanering av eksisterende 22 kV linjer. Vi mener reduksjon av INON er akseptabelt i dette tilfelle da områdene i dag ikke fremstår som inngrepsfrie og da vi mener fordelene med omsøkte anlegg totalt sett er større enn ulempene.

Etter en helhetsvurdering av planene og de foreliggende uttalelser mener NVE at fordelene og nytten av tiltaket overstiger skaden for private og allmenne interesser som blir berørt slik at kravet i vannressursloven § 25 er tilfredsstilt. NVE gir derfor Småkraft AS tillatelse etter § 8 i vannressursloven til å bygge Lidal kraftverk på de vilkår som følger vedlagt.

Søknaden

NVE har mottatt 5 søknader om utbygging av småkraftverk ved Fjærlandsfjorden. I tillegg til Lidal kraftverk gjelder dette Jordal-, Hatlestad-, Berge/Bjåstad- og Romøyri kraftverk. I dette notatet behandles kun søknaden om bygging av Lidal kraftverk. De andre kraftverkene er behandlet i egne vedtaksnotater. I tillegg har NVE laget et eget notat som omhandler sumvirkninger av de fem kraftverkene med tilhørende kraftlinje. Ny 132 kV kraftlinjen fra Fjærland til Leikanger gjennom Grindsdalen er behandlet som egen sak.

NVE har mottatt følgende søknad fra Småkraft AS om bygging av Lidal kraftverk, datert 27.07.05:

> *"Småkraft AS ønsker å utnytte vannfallet i Kvanndøla i Sogndal kommune i Sogn og Fjordane fylke, og søker herved om følgende tillatelser:*
>
> ***1. Etter vannressursloven, jf. § 8, om tillatelse til:***
> *- å bygge Lidal kraftstasjon, hovedsakelig i samsvar med framlagte planer.*
>
> ***2. Etter energiloven om tillatelse til:***
> *- bygging og drift av Lidal kraftverk, med tilhørende koblingsanlegg og kraftlinjer som beskrevet i søknaden.*
>
> ***3. Etter forurensningsloven om tillatelse til:***
> *- gjennomføring av tiltaket*
>
> *Nødvendig opplysninger om tiltaket fremgår av vedlagte utredning. "*

Her gjengis sammendraget av søknaden:

> *"Kvanndøla forutsettes utnyttet til kraftproduksjon gjennom bygging av ett kraftverk.*
>
> *Lidal Kraftverk vil utnytte avløpet fra et felt på 8,1 km² av vassdraget i et 595 m høyt fall i de to elvene Kvanndøla og Breiseteelvi (vassdragsnr. 078.12Z) mellom kote 600 og kote 5. Installasjon vil være på 5,7 MW med en estimert årsproduksjon på 24 GWh. Utbyggingsprisen er estimert til ca 1,9 kr/kWh.*
>
> *Det blir etablert inntaksdammer ved kote 600 i de to sidegreinene av vassdraget. Vannet fra de to sideelvene vil bli ledet i hvert sitt rør til ca kote 525. Herfra vil vannet føres i felles rør til kraftstasjonen. Vannveien vil bestå av nedgravd rør på hele strekningen. Det vil bli bygget ca 50-100 m vei i forbindelse med tiltaket.*
>
> *Prosjektområdet har stor verdi for fagfeltet "inngrepsfrie naturområder", og middels til stor verdi for landskap og kulturminner. Tiltaket forventes å få størst negative konsekvenser for fagfeltet "inngrepsfrie naturområder". For de øvrige fagfelt varierer konsekvensene fra middels negative til små til middels positive.*
>
> *Slipping av minstevannføring gir redusert konsekvens for fagtema landskap, biologisk mangfold og friluftsliv."*

Hoveddata for kraftverket gjengitt fra søknadens tabell 2.1 og 2.2:

Lidal kraftverk, hoveddata		
TILSIG		
Nedbørfelt	km^2	8,1
Middelvannføring (1961 – 60)	m^3/s	0,75
Alminnelig lavvannføring	m^3/s	0,04 (Kvanndøla) 0,02 (Breisetelvi)
KRAFTVERK		
Inntak	moh	600
Avløp	moh	5
Fallhøyde, brutto	m	595
Midlere energiekvivalent	kWh / m^3	1,42
Slukeevne, maks	m^3/s	1,12
Slukeevne, min	m^3/s	0,06
Tilløpsrør, diameter	mm	600
Tunnel, tverrsnitt	m^2	-
Tilløpsrør/tunnel, lengde	m	650/600/1600
Installert effekt, maks	MW	5,7
Brukstid	timer	4200
PRODUKSJON		
Produksjon, vinter (1/10 – 30/4)	GWh	8,4
Produksjon, sommer (1/5 – 30/9)	GWh	15,6
Produksjon, året	GWh	24,0
ØKONOMI		
Byggekostnad	mill. NOK	46,3
Utbyggingspris	NOK /kWh	1,93

Lidal kraftverk, Elektriske anlegg		
GENERATOR		
Ytelse	MVA	7,0
Spenning	kV	6,0
TRANSFORMATOR		
Ytelse	MVA	7,0
Omsetning	kV/kV	6/22
KRAFTLINJER		
Lengde	km	3
Nominell spenning	kV	22

Høring og distriktsbehandling

I dette notatet behandles kun søknad om bygging av Lidal kraftverk. De uttalelser som gjelder de andre småkraftverkene i Fjærland, samt fremføring av ny kraftledning, blir behandlet i egne vedtaksnotater og blir ikke gjengitt eller kommentert her. Mange av høringspartene har sendt inn samlet uttalelse for de fem kraftverkene og kraftledningen. Merknader som er direkte knyttet til et av de andre kraftverkene er da ikke referert her, men i vedtaksnotatet til det aktuelle kraftverk.

NVE har mottatt følgende høringsuttalelser til søknaden om å bygge Lidal kraftverk:

Sogndal kommune fattet følgende vedtak i møte i formannskapet 15.12.2005:

> *"Formannskapet handsama i møte 15.12.2005 sak 0092/05. De vert med dette underetta om at det er fatta følgjande vedtak:*
>
> *Fjærlandsområdet har eit stort kraftpotensiale. Utfordringar knytt til innmating av straumen til det regionale straumnettet og store interesser knyttet til landskap, natur og turisme gjer at kommunen ser det som ønskjeleg at konsesjonssøknadene frå Småkraft AS ikkje vert handsama før ein samla plan for vassdrag som er aktuelle å byggje ut i Fjærlandsområdet ligg føre.*
>
> *Denne planen bør innehalde følgjande:*
>
> - *Ei vurdering av kva vassdrag som ut frå kraftpotensialet og økonomi kan vere aktuelle for utbygging i Fjærland*
> - *Kartlegging og vurdering av dei enkelte vassdraga i høve naturfaglege og landskapsmessige verdiar*
> - *Vurderer kva linjenett som bør byggjast ut for på ein effektiv og miljømessig god måte sikre tilstrekkeleg linjekapasitet for dei vassdraga i Fjærland som etter ei samla vurdering kan byggjast ut.*
>
> *Planen bør liggja føre seinast innan utgangen av 2006."*

Vi referer videre fra forvaltningsutvalgets tilråding i møte av 8.12.2005:

[...]

> ***"Vurdering***
>
> *Landskap, turisme og friluftsliv*
>
> *Inngrepa det her er snakk om har potensiale i seg til å skape store negative verknader for landskapet og med det for turisme langs fjorden og opplevingsverdi for friluftsliv. Fjærlandsfjorden er lang, men dersom ein ikkje legg vekt på å gjennomføre inngrep på ein mest skånsam måte vil ein likevel kunne redusere landskapet langs fjorden på ein uboteleg måte.*

[...]

> *Lidal og Romøyri er vegfrie grender. Her går store INON- område av kategoriane villmarksprega område og område sone 2 heilt i sjøen. Dette er sjeldsynt i Sogn og Fjordane og ein verdi i seg sjølv. Det er her den samla negative verknaden i høve landskap og inngrepsfrie naturområde heilt klart er størst. Desse to områda representerer kompleks og vakker natur utan tyngre tekniske inngrep heilt ned i fjorden. Ved kraftutbygging vil begge desse kategoriane forsvinne heilt frå fjorden. Det vil vere av stor verdi i høve landskap, natur og turisme at ein tek vare på desse store og komplekse dalføra utan tyngre tekniske inngrep.*

Samla sett representerer dei aktuelle tiltaka store inngrep. Dei ligg truleg fremst framme i ei "bølgje" av planar om små-, mini-, og mikrokraftverk i Sogn og Fjordane og i Sogndal kommune og ein bør vere forsiktig med å bygge ut dei områda som i størst grad representerer den villaste og mest urøyvde naturen i fjorden her. Dersom ein gjev løyve til tiltak som viser seg å ha store verknader for natur og landskap i Fjærlandsfjorden vil det kunne setje bom for andre utbyggingar. NVE skal i sine vurderingar av ein søknad om konsesjon sjå mellom anna på verknader for landskap og natur. Dersom ein no gjennom desse utbyggingane set hardt press på desse verdiane i Fjærlandsområdet vil dette kunne vere med å vanskeleggjere andre utbyggingar.

Biologisk mangfald (BM)

Som bakgrunn for miljørapporten har Sweco Grøner nytta skriftleg materiale, samtalar med ressurspersonar og eigne observasjonar. Temaet biologiske mangfaldet er etter vår vurdering ikkje godt nok handsama i rapporten. Vi stiller dei undersøkingane og vurderingane som er gjort på ein god nok måte avklarar om det finst verdfulle artar og vegetasjonstypar i området. Det er og døme på at det vert vist til at ein naturtype berre har lokal verdi eller at ein fugleart er vanleg, og nyttar det som argumentasjon for at konsekvensen av ei utbygging er lita.

Her er det snakk om 5 kraftverk innanfor ein og same fjord. Samtidig veit vi at potensialet for kraftutbygging i Fjærlandsområdet er stort, og at det då ikkje lenger vil vere snakk om berre lokale påverknader. Summen av negative påverknader vil kunne verte stor, også for artar eller naturtypar som ikkje er rekna for å vere truga eller sjeldne i dag. Dette viser at det er behov for å sjå vassdraga i samanheng gjennom ein plan og der ein kan sjå på verknadene på biologisk mangfald for heile Fjærlandsområdet.

Busetnad og ringverknader av ei utbygging

Grunneigar og kommunen vil få betydelege inntekter av desse utbyggingane, og Småkraft AS har sett opp ei oversikt (sjå vedlegg) over kva inntekter kommunen kan vente seg. I tillegg til dei direkte økonomiske ringverknadene vil ei utbygging og representere moglegheiter for t.d. å leggje til rette for lettare tilkomst til andre naturressursar, og enklare tilkomst til veglause grender. I dei fleste tilfelle vil slike "bieffektar gjelde moglegheit for å nytte førebels eller permanente anleggsvegar til utnytting av skog- og utmarksressursar og utnytting av overskotsmasse til moloar for lettare tilkomst.

Oppsummering

Rådmannen meiner at den planlagde utbygginga vil ha mange positive verknader. Utbygginga vil i anleggsperioden føre til aktivitet som vil vere positiv for lokalt næringsliv og underleverandørar. Etter oppstart vil den gje gode og jamne inntekter til grunneigarane og kommunen gjennom skattar og avgifter. Desse inntektene vil igjen kunne vere viktig for å halde opp busetnad og sysselsetning i Fjærland.

Samtidig gjer andre interesser seg gjeldande. Reiselivsinteresser kan kome i konflikt med tiltak som i vesentleg grad endrar landskapet sin karakter og øydelegg det villmarkspreget som delar av fjorden har. Kommunen har og eit ansvar i høve biologisk mangfald, friluftsinteresser og kulturlandskap

Fallrettshavarar i Mundal og indre Fjærland har gjeve uttale til konsesjonssøknaden i brev av 23.11.05 til NVE. Dei peiker på at den kraftlina som no blir bygt ut Fjærlandsfjorden blir planlagt og dimensjonert slik at ho og kan ta imot framtidige kraftutbyggingar i Fjærland.

Desse fallrettshavarane planlegg å utarbeide ein samla plan for vassdrag som er aktuelle å byggje ut i Fjærland.

Fjærlandsområdet har eit stort kraftpotensiale, og det er knytt utfordringar til innmating av straumen til det regionale straumnettet. Ved ei vidare utbygging av andre potensielle kraftverk vil det bli behov for tilknyting av også desse til nettet, og vi vil tru at det og vil vere moglegheiter for effektivisering og optimalisering av det "indre" nettet.

Desse momenta, saman med utfordringar knytt til landskap, natur og turisme gjer at vi ser det som hensiktsmessig å få utarbeidd ein samla plan for kraftutbygging i Fjærland.

Denne planen bør innehalde følgjande:

- *Ei vurdering av kva vassdrag som ut frå kraftpotensialet og økonomi kan vere aktuelle for utbygging i Fjærland*
- *Kartlegging og vurdering av dei enkelte vassdraga i høve naturfaglege og landskapsmessige verdiar*
- *Vurderer kva linjenett som bør byggjast ut for på ein effektiv og miljømessig god måte sikre tilstrekkeleg linjekapasitet for dei vassdraga i Fjærland som etter ei samla vurdering kan byggjast ut.*

Planen bør liggja føre seinast innan utgangen av 2006. Planen kan lagast i eit samarbeid mellom grunneigarar/heimelshavarar, reiselivsinteresser, Bygdeutvalet, samarbeidande kraftselskap og kommunen".

Kommunestyret fattet videre følgende vedtak i møte 14.12.2006 sak 67/06 vedrørende samlet vurdering av småkraftverk i Fjærland:

"Kommunestyret tilrår at det kan gjevast konsesjon for vasskraftutbygging for dei 5 konsesjonssøkte vassdraga.

Samrøystes:

Det bør setjast følgjande generelle vilkår for dei konsesjonssøkte vassdraga:

- *det må vere minstevassføring minimum tilsvarande alminneleg lågvassføring om sommaren (1.5 - 3 0.9)*
- *veg og røyrgater må ikkje kome i konflikt med stiar, evt. må stiane ordnast til igjen etter utbygginga*
- *permanente veger må tilpassast terrenget på ein god måte og avsluttast på ein slik måte at synlege terreninngrep vert minst mogleg*
- *inntaka vert gjort minst mogleg synlege ved terrengtilpassing, revegetering rundt inntaket, forblending med naturstein eller liknande*
- *støynivået frå kraftstasjonen skal halde seg innanfor rettleiande grenser gitt av Statens forureiningstilsyn*
- *kantvegetasjon langs vassdraga vert teke vare på*
- *tiltaka vert gjennomført så skånsamt som mogleg med god terrengtilpassing og istandsetjing så fort som råd*

- *det skal utarbeidast rapport som gjer greie for kva negative konsekvensar utbyggingane vil ha for fossekall (eventuelt også vintererle). Rapporten skal og kome med framlegg til avbøtande tiltak.*
- *Det vert sett krav til tilpassing av vegar til annan næringsverksemd etter drøfting / godkjenning av kommunen.*
- *Kraftstasjonane skal trekkjast opp frå fjorden eller på andre måtar gjerast minst mogleg synlege frå fjorden. Turbinvatnet skal fortrinnsvis leiast ut i elveløpet. Endeleg plassering vil verte handsama som byggesak.*

Det bør setjast følgjande vilkår for dei enkelte prosjekta:

[...]

Kraftanlegg Lidal:

- *Det skal gjerast supplerande undersøkingar av biologisk mangfald (botaniske verdiar, ferskvassbiologi, fuglefauna m.m.). Ved prosjektering skal det leggjast fram plan for korleis eventuelle konflikter med biologiske og ålmenne verdiar skal reduserast.*
- *Ved prosjektering skal det leggjast fram plan for gjennomføring av tiltak i strandsonen som kraftstasjon, molo/kai, m.m.*

[...]

Samrøystes:

Kommuneplan

Vurderingane som er gjort i saksframstillinga knytt til kommunedelplan for kraftutbygging i Fjærland, vert lagt til grunn for arbeidet med revisjon av arealdelen i kommuneplanen."

Sogndal kommune har senere utarbeidet en strandsoneanalyse for Fjærlandsfjorden som ble oversendt NVE 31.01.07. Det foreslås at dersom det blir gitt konsesjon til å bygge Berge/Bjåstad kraftverk bør kraftstasjonen flyttes ovenfor strandsonen slik at avløpsvannet slippes ut i elva før utløp i fjorden.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har gitt følgende uttalelse i brev av 20.12.2005:

[...]

"Behov for supplerande opplysningar

Vi har vurdert utførte undersøkingar, opplysningar og konsekvensvurderingar i søknaden. Før det vert teke endeleg avgjerd i denne saka bør vurderingsgrunnlaget supplerast noko.

Biologisk mangfald/raudlisteartar/naturtypar

For Kvanndøla og Breiseteelvi trengs det meir undersøkingar om ferskvassbiologien, jf. felles notat.

I miljørapporten (s. 19) står det " Bekkekløften i Kvanndøla er vanskelig tilgjengelig, og det er derfor grunn til å tro at miljøforholdene, spesielt på de nordvendte delene av strekninga, er stabile og preget av kontinuitet . Det forventes at kantvegetasjonen stort sett består av gråor-

heggeskog som langs resten av vassdraget. Potensialet for å finne rødlistearter (spesielt lavarter) her er stort."

Bekkekløfta er ikkje sjekka ut for raudlisteartar, dette bør undersøkast nærare av spesialistar. I miljørapporten står det at kongeørn vart observert under synfaring i november 2003. Kongeørn er ein raudlisteart, og det bør sjekkast ut om det er reirlokalitetar i området. Ein bør unngå anleggsaktivitet i nærleiken av reir i hekketida og tida før, dvs. i tidsrommet februar-juni.

Vurdering

Fylkesmannen vil vurdere saka ut i frå ureiningslova, lov om laksefisk og innlandsfisk og om tiltaket kan føre til skade eller ulempe for allmenne interesser i høve til § 8 i vassressurslova. Vi vil også vurdere konsekvensar for landbruk.

MILJØVERNFAGLEGE VURDERINGAR

Vi vurderer at ei kraftutbygging av Lidal kraftverk vil ha stor negativ konsekvens for inngrepsfrie naturområde og i høve til landskapsbilete. Dette må vurderast i samband med dei andre utbyggingsprosjekta.

Inngrepsfrie naturområde (INON)

Den planlagde utbygginga av Lidal kraftverk kjem i eit område som i dag er utan større tekniske inngrep. Ei utbygging av Kvanndøla og Breiseteelvi vil medføre betydelege naturinngrep i urørte naturområde. Villmarksprega områder som ligg meir enn 5 km frå tyngre tekniske inngrep går heilt ned til Fjærlandsfjorden like sør for Romøyri, sjå vedlagt kart nr 1. I Sogn og Fjordane er det, i tillegg til Fjærlandsfjorden, berre to andre stadar at villmarksprega område går heilt frå fjord til fjell, det er i ytre del av Nærøyfjorden og ytre del av Lustrafjorden. Dei to områda med "villmark" i Nærøyfjorden og Lustrafjorden er begge mindre enn det villmarksprega området i Fjærlandsfjorden. Bortfallet av villmarksprega område ved ei utbygging av Lidal kraftverk er på 12,8 km^2. Reduksjonen av inngrepsfrie naturområde ved bygging av Lidal kraftverk er vist i tabellen nedanfor, og i vedlagt kart nr. 2:

Kategori	***Areal***	***Merknad***
Villmarksprega områder (> 5 km frå inngrep)	*12,8 km^2*	*3,5 km^2 går over til sone 2 (1-3 km frå inngrep) og 9,4 km^2 går over til sone 1 (3- 5 km frå inngrep)*
Sone 1 (3-5 km frå inngrep)	*13,7 km^2*	*2,4 km^2 fell bort og 11,3 km^2 går over til sone 2 (1-3 km frå inngrep)*
Sone 2 (1-3 km frå inngrep)	*4,8 km^2*	*4,8 km^2 fell bort*

Inngrepsfrie naturområde som vert påverka av utbygginga av Lidal kraftverk er delvis overlappande med påverka naturområda for utbygginga av Romøyri kraftverk. Samla vil dei to utbyggingane føre til att om lag 50 km^2 inngrepsfrie naturområde vert påverka, ved at område fell bort eller vert nedklassifisert. Ei utbygging av dei to kraftverka fører og til at villmarksprega område vert redusert med 15,5 km^2.

Inngrepsfrie område blir stadig mindre, og områda blir sett på som ein avgrensa ressurs både i nasjonal og internasjonal samanheng. Det er difor svært uheldig at inngrepsfrie naturområde vert redusert i så stort omfang som ved ei utbygging av Lidal kraftverk.

For meir informasjon om inngrepsfrie områder sjå felles notat.

Landskap

Dei nedlagte gardsbruka og kulturlandskapet i Lidal utgjer ein viktig del av fjordlandskapet og er med på å gi Fjærlandsfjorden sitt særpreg. Etablering av ny kraftleidning oppover lia, kraftstasjon, kaianlegg og veg fram til kraftstasjonen, vil framstå som framandelement i dette landskapet og vil påverke landskapet sett frå fjorden negativt.

Redusert vassføring i elva vil også påverke landskapkvalitetane i negativ retning. Vassdraget er relativt lite synleg frå fjorden, og påverknaden vil vere størst der stien følgjer Kvanndøla og i inntaksområdet i Breiseteelvi. Inntaksdammane, med ei høgde på 5 m og 25 m bredde, vil verke negativt på landskapsbiletet i nærområde i Kvanndalen og Breisete. Spesielt ved Breisete vil inntaket bryte med landskapskvalitetane knytt til tidlegare stølsdrift ved Breisete.

Vi vurderer at inngrep knytt til utbygginga av Lidal kraftverk vil ha stor negativ konsekvens for fjordlandskapet. For meir informasjon om fjordlandskapet sjå felles notat.

Friluftsliv

Det går sti opp dalføret på begge sider av Kvanndøla. På nordsida går stien opp til stølen Røysete i nedre del av Kvanndalen, på sørsida går stien opp til stølen Breisete øvst i Breisetedalen . Frå Breisetedalen er det lett og fint turterreng vidare søraustover til Øvre Rommedal og vidare ned til den veglause grenda Romøyri. Frå Breisetedalen er det og mogleg å gå sørover i lett terreng ned Grindsdalen til Grinde i Leikanger kommune.

Turruta mellom Romøyri og Grindsdalen er merka av på turkart for Sogndal og Leikanger. Det kom tidlegare i år ut ei svært populær turbok, "Opptur", med utvalde fotturar i Sogn og Fjordane. Der er turen mellom Romøyri og Grindsdalen valt ut og presentert. Ei utbygging vil redusere opplevinga av urørt natur og kulturlandskap knytt til Lidal og turane opp dalføret.

Biologisk mangfald

Vurderingane for biologisk mangfald er noko usikre pga. sviktande vurderingsgrunnlag, jf. ovanfor. Dersom supplerande undersøkingar viser at tiltaket ikkje kjem i konflikt med viktige naturtypar/raudlisteartar, og det vert teke omsyn til eventuell reirlokalitet for kongeørn ved anleggsdrift, jf. lengre opp i brevet, vil denne utbygginga ha middels negativ påverknad av biologisk mangfald.

Fisk og fiske

Det vandrar truleg sjøaure opp til ein foss kring 175 frå utløpet. Den aktuelle elvestrekninga har svært grovt substrat og har truleg låg verdi som gyte- og oppvekstområde for fisk. Vi kjenner ikkje til at det er fisk på strekninga frå inntaket og ned til sjøaureførande strekning. Med tanke på fiskeinteressene synast tiltaket å få små konsekvensar. Ut i frå fisk og fiskeinteressene er tiltaket akseptabelt.

Ureining og støy

Kraftstasjonen vert plassert like sør for Lidal. Frå kraftstasjonen er det kort veg til fleire fritidshus og hytter. I tilegg kan vassflata bæra støyen langt utover fjorden. Det bør difor leggjast stor vekt på støydempande tiltak knytt til ny kraftstasjonen. Støynivået bør halde seg innanfor rettleiande grenser gitt av Statens forurensningstilsyn (SFT). I rettleiaren "Retningslinjer for begrensning av støy fra industri m.v." TA-506 frå SFT, er grenseverdiane for bustadområde og hyttebusetnad sett til høvesvis 40 db(A) for bustadar og 35 db(A) for hytter. Dersom støyen omfattar tydelege enkelttonar og/eller impulslyd skal grenseverdien for ekvivalentnivået reduserast med 5 db.

Vi ser det som lite sannsynleg at vasskvaliteten vil bli vesentleg endra av omsøkte tiltak. Ut i frå føreliggjande opplysningar, og med føresetnad om at støykrava vert oppfylt, vurderer vi tiltaket som lovleg etter ureiningslova.

LANDBRUKSFAGLEGE KONSEKVENSAR

Det går fram at mellombels veg langs røyrtrassen vil kunne lette uttak av bestand av planta gran på sydsida av elva. Sameleis vil bygging av nytt kaianlegg gjere det mogleg å få transportert tømmer frå Lidal. I høve til skogbruk kan difor utbygginga ha nytteeffekt. Det går fram at beiteressursane i området i dag vert utnytta ved at sauer/lam frå Fjærland vert sleppte på utmarksbeite med utganspunkt i Lidal. Vi vil tru at bygging av ny kai kan vere positivt i så måte. Aktiv beitedrift vil dessutan medvirke positivt til å hindre attgroing og skjøtte kulturlandskapet. Sidan det ikkje finst fastbuande i Lidal i dag, vil utbygginga ha mindre å bety med omsyn til busetjing eller som lokal tilleggsnæring.

Konklusjon

Ut i frå verknaden for allmenne interesser, vil fylkesmannen rå til at det ikkje vert gjeve konsesjon for Lidal kraftverk. Etter vår vurdering er inngrepa så omfattande at det ikkje bør gis konsesjon etter § 8 i vassressurslova.

Med tanke på dei store allmenne verdiane knytt til landskap og inngrepsfrie områder meiner vi det er svært uheldig med ei utbygging i dette området. Den planlagde utbygginga kjem i eit fjordlandskap utan tyngre tekniske inngrep. Vi meiner det vil bli vanskeleg å gjennomføre utbyggingane utan at det vil medføre vesentlege uheldige konsekvensar for allmenne interesser.

Denne søknaden må og vurderast i samanheng med dei andre søknadane for området. Dette gjeld det samla omsynet til fjordlandskapet. Fylkesmannen vil oppmode om at det vert utarbeidd ein samla plan for området, jf. felles vedlegg for søknadane."

Fylkesmannen har også sendt et felles notat for de fem kraftverksprosjektene og linjeutbyggingen datert 20.12.2005:

"I dette vedlegget har vi samla vurderingar og opplysningar som er felles for søknadane.

Viktige verdiar i og ved Fjærlandsfjorden

Fjordlandskap

Fjærlandsfjorden er ein av svært få fjordar i fylket, og på Vestlandet, som framleis er lite påverka av større tekniske inngrep. Vestnorsk fjordlandskap er einestående i verdsmålestokk, og vestlandsfjordane har hatt ei magisk tiltrekningskraft på turistar i over 100 år.

Verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap med delområda Geirangerfjorden og Nærøyfjorden vart innskrive på UNESCO si Verdsarvliste 14. juli 2005. Dette er Noreg sitt første bidrag som naturarv til Verdsarvlista. UNESCO si Verdsarvliste representerer det høgaste kvalitetstempelet som det er mogleg å få for natur og kulturminne. Nærøyforden og Geirangerfjorden reknast blant dei vakraste fjordlandskap i verda, og byr på fjord, fossar, stupbratte fjell, brear og innslag av nedlagte gardsbruk og stølar. Fjærlandsfjorden har mange av dei same kvalitetane som Nærøyfjorden, og er ein del av det same Sognefjordsystemet. Noreg har eit internasjonalt ansvar for å ta vare på typiske fjordlandskap som Nærøyfjorden, Fjærlandsfjorden og Sognefjorden.

Norske fjordar vart i 2004 kåra til verdas best bevarte reisemål av det anerkjende tidsskriftet National Geographic Traveller (mars 2004). Saman med 200 ekspertar på berekraftig turisme har National Geographic Traveller vurdert 115 av dei mest kjende turistmåla i verda, ut i frå seks kriterium, som gjeld kor godt bevart, kor lite forureina og kor vakker staden er, samt kor politisk klokt turistattraksjonen vert administrert, forvalta og halde vedlike. På ein skala frå ein til hundre kjem norske fjordar på ein klar fyrsteplass med 82 poeng, og det i konkurranse med det ypparste av "draumeferiemål".

Magasinet "Reiser og Ferie" kåra i 2004 Fjærland til det beste reisemålet i Noreg. I sumarhalvåret vert Fjærlandsfjorden trafikkert av cruiseskip, ferje og privatbåtar. Turisttrafikken på fjorden er aukande og berre ferja hadde i 2004 og 2005 om lag 25 000 reisande. Urørte fjordområde slik som Fjærlandsfjorden vil truleg i framtida bli enno meir attraktive som reisemål.

Sogndal kommune satsar på å auke cruisebåttrafikken på fjorden og investerar i flytebrygger i Fjærland neste sommar, og på sikt er det ønskjeleg med kai som kan ta imot større skip.

Godt synlege fossar og stryk er ein sentral del av dei geologiske prosessane som har forma landskapet, og utgjer eit særtrekk i fjordlandskapet. Dei utgjer såleis ein heilt vesentleg del av opplevinga av fjordane, og må takast vare på for å oppretthalde denne opplevingsverdien. Saman med dei snøkledde toppane og grøne liene utgjer dette naturopplevingar som for mange er veldig imponerande, og som gjev sterke inntrykk og lærdom om naturen.

Inngrepsfrie naturområde (INON)

Det har i lang tid vore eit mål å bevare attverande inngrepsfrie naturområde i Noreg, noko som m.a. er uttrykt i fleire stortingsmeldingar dei siste åra. Mellom anna heiter det i St.meld. nr. 39 (2000-2001) "Friluftsliv. Ein veg til høgare livskvalitet" at "Område utan tekniske inngrep er blitt ein knapp ressurs både i nasjonal og internasjonal samanheng. Desse områda er ein viktig nasjonal naturarv og er sjølve grunnpilaren i arbeidet med å ta vare på "naturleg natur ". Stortinget og regjering har fleire gonger understreka verdien av å ta vare på gjenverande inngrepsfrie område". I St. meld. nr 25 (2002-2003) "Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand" vert det sagt at inngrepsfrie naturområde har stor verdi for friluftsliv og naturoppleving, og kan også vere svært viktig for det biologiske mangfaldet. Det er særleg dei ytre delane av Fjærlandsfjorden som er utan vegframføring og andre tyngre tekniske inngrep, som har større inngrepsfrie områder. Desse områda går frå fjord til fjell, og like sør for Romøyri går villmarksprega naturområder (> 5 km frå tyngre tekniske inngrep) heilt i fjorden, sjå vedlagt kart nr 1. I Sogn og Fjordane er det, i tillegg til Fjærlandsfjorden, berre to andre stadar at villmarksprega område går heilt frå fjord til fjell, det er i ytre del av Nærøyfjorden og ytre del av Lustrafjorden. Dei to områda med "villmark" i Nærøyfjorden og Lustrafjorden er begge mindre enn det villmarksprega området i Fjærlandsfjorden.

I utbyggingsplanane er det særleg bygging av Romøyri kraftverk og Lidal kraftverk som får størst konsekvensar for inngrepsfrie naturområder. Til saman vil ei utbygging av dei to kraftverka føre til at omlag 50 km^2 med inngrepsfrie områder vert påverka, og 15,5 km^2 villmarksprega områder fell bort, sjå kartvedlegg nr. 2. Ny kraftlinje på 132 kV eller 66 kV vil på same måte føre til at dei inngrepsfrie områda blir reduserte, også på austsida av fjorden.

Kunnskapsgrunnlaget

Sogndal kommune var tidleg ute her i fylket med "kartlegging" av naturtypar. Dette arbeidet vart utført med svært avgrensa midlar, og det har i stor grad vore konsentrert om å samle eksisterande kunnskap i rapportform. Det har vore lite høve til å undersøke nye område. Fjærland låg tidlegare i Balestrand kommune, men vart ved grenseendringar (i 2001) liggande i Sogndal kommune. Dette skjedde når rapporteringa i Sogndal var inne i sluttføringa. Fjærland og Fjærlandsfjorden vart difor i enda mindre grad "undersøkt" enn resten av kommunen. Eksisterande kunnskap om området er svært mangelfull. På generell basis vurderar vi fjellsidene i Fjærlandsfjorden til å ha eit stort potensiale både for sjeldne og verdifulle naturtypar og artar. Dette gjeld særleg vestsida som har mest sol. Lite/ingen inngrep er også ein del av det som gjer området spennande i artssamanheng. Ein annan grunn til at området er lite undersøkt, er at det til no har vore vurdert til i stor grad "å verne seg sjølv".

Behov for supplerande opplysningar

Miljørapportane er utført av Sweco Grøner. Dei har synfare eit stort område i løpet av kort tid, og vi er usikre på i kva grad raudlisteartar er undersøkt. Ein del observasjonar vil også vere avhengig av synfaringstidspunktet. Eitt eksempel er fuglelivet. Registreringar av fuglefaunaen bør foregå om våren, spesielt om ein vil påvise raudlisteartar av rovfugl og spetter. Vi oppfattar miljørapporten frå Sweco Grøner meir som ein "scanning" av området, og det blir noko mangelfullt i høve til å få fram godt nok grunnlag for konsekvensane av utbyggingane. Dei har likevel peikt på ein del aktuelle verdifulle område/naturtypar. Også botanisk finst det truleg område med raudlisteartar som ikkje er registrert i rapporten. Vi ber om at område som er dårleg undersøkt eller som har vorte peika på som særskilt verdifulle vert undersøkt nærare, før det vert teke endeleg avgjerd om utbygging.

Berge/Bjåstad åleine er på grensa til å utløyse konsekvensvurdering etter plan og bygningslova, og til saman er dei omsøkte kraftverka godt over kravet i høve til det som bør utgreiast etter eit konsekvensutgreiingsprogram. Sjølv om det er fem ulike vassdrag så ligg dei samla i eit geografisk avgrensa område og må vurderast samla.

Nedanfor har vi samla dei viktigaste manglane som går att i fleire av søknadane. I tillegg viser vi til vurderingar av dei enkelte søknadane.

Vassføring

Vassføringar er rekna ut med bakgrunn i målingar frå Feiosvassdraget. Det er også sett ned målestasjon i Bergselvi , Bjåstadelvi og Jordalselvi . Desse var etablert i 2004. Vi ønskjer at NVE samanliknar målte vassføringer med dei utrekna for tilsvarande tidsrom, og vurderar om utrekna vassføring stemmer bra med det som er målt. Vi er klar over at måleperioden i elvane er for kort til å rekne ut vassføring , men reknar med at ein ved å samanlikne vassføringar i Feios og Berge/Bjåstad/Jordal på same tidspunkt får ein god peikepinn om Feios var rett val som referansevassdrag og kvalitetssikring av utrekna vassføring.

Alminneleg lågvassføring er rekna etter to metodar (E-tabell og LAVANN) og den endelege verdien er ein vekta midling av resultatet frå båe metodane. Vi reknar med NVE også sjekkar utrekningar av alminneleg lågvassføring, jf. ovanfor.

Landskap

Søknadane bør supplerast med bilete frå eksponerte parti ved ulike vassføringar. Til dømes har Bjåstadelvi eit parti ganske langt nede som er synleg frå fjorden m.m. ved sommarvassføring. Dette kom fram på bilete som Småkraft presenterte på møte i Fjærland 26.10.05.

Raudlisteartar/BM/naturtypar

På grunn av manglande undersøkingar frå tidlegare, og av di det i søknadane går fram at det er eit potensiale for raudlisteartar bør dette undersøkast nærare av spesialistar. Vi ventar ikkje at søkjar skal finansiera undersøkingar utanfor influensområda for kraftverka og kraftlinjene. I enkelte område kunne det likevel vore interessant om utbyggjar i samarbeid med miljøvernforvaltninga kunne fatt kartlagt større felt langs fjorden. Fylkesmannen vil undersøke med Direktoratet for naturforvaltning om det fins finansiering til dette.

I miljørapportane for kraftverka er ferskvassbiologi vurdert svært overflatisk. I rapportane er det konkludert med at elvane ikkje oppfyller viktige kvalitetar for biologisk mangfald i ferskvatn, og at prosjekta sine influensområde difor ikkje har spesielt stor verdi på dette feltet. Dette vert bygt på ein påstand om at vasskvaliteten er god, og at ein då reknar med at ferskvassfaunaen er relativt ordinær. Ferskvassfauna bør undersøkast nærare av spesialistar minimum i dei vassdraga som ikkje vil ha vassføring heile året, eller der vassføringa etter utbygging blir så låg at det vil bli "botnfiysing" på større delar. Når eit vassdrag vert turrlagt delar av året blir verdien for biologisk mangfald drastisk redusert. Da må det også "bevisast" at det ikkje vil gå tapt sjeldne ev. ukjende artar av fauna som har livssyklus knytt til vatnet (botndyr m.m.).

Når det gjeld supplerande undersøkingar i samband med utbyggingane elles viser vi til vurdering av kvar enkelt søknad.

Samla plan for Fjærland

Det er positivt at vi har fatt desse søknadane samla. Dette gjer at det er lettare å sjå samanhengen mellom fleire utbyggingar i eit område og vurdere dei opp mot andre interesser. Hovudgrunnen til at dei kjem samla er likevel at det ikkje er kapasitet på eksisterande kraftlinjenett til å føre produsert energi ut til aktuelle sluttbrukarar, og kostnader med oppgradering/bygging av kraftleidningar må fordelast på fleire utbyggingar for å få lønnsame prosjekt.

Det er fleire som hevdar at småkraftverk berre gjev eit marginalt bidrag til energibalansen her i landet, og at den næringsmessige sida er mykje viktigare. I alle søknader om utbygging vert det vist til at utbygginga kan føre til at hus og kulturlandskap vert halde ved like og at busetting vert oppretthalde. Det er ikkje knytt vilkår til konsesjonane som sikrar dette, og mykje kan endre seg i løpet av ein og to eigedomsovertakingar/generasjonar. Småkraftverk gjev ofte store inntekter for utbyggjarane, men kva resten av bygda og samfunnet elles sit att med er dessverre mykje mindre handfast. Små kraftutbyggingar kan være positivt, og gje bidrag til lokal næringsutvikling, busetting, og mogleg oppretthald av kulturlandskap, men det kan også vere konfliktar med andre distriktsnæringar, særleg dei som er basert på naturopplevingar.

Regjeringa har ei restriktiv haldning til vidare vasskraftutbygging, og vil at dei aller fleste vassdraga som står att skal bli verande urørte. Samtidig skal bruken av små-, mini- og mikrokraftverk aukast, utan å kome i konflikt med naturverninteresser.

I naturvernsamanheng arbeider vi med eit perspektiv på 200 år framover i tid. Dette er mange generasjonar. Med den farten det no er innan vasskraftutbygging i mindre vassdrag, vil vi på mindre enn ein generasjon sjå store endringar i den vassdragsnaturen som folk flest i vår landsdel forheld seg til og opplever. Dette vil merkast både av fastbuande og besøkande. Det vert hevda at små kraftverksutbyggingar er reversible. Dette føreset at vi veit at det ikkje blir teke knekken på spesielle artar knytt til det enkelte vassdraget/område. Sumeffektar på økosystem vil først merkast etter ei viss tid.

Konklusjon

Vi viser til ovanforståande, og uttale og vurdering for kvart enkelt prosjekt.

Fylkesmannen har vurdert søknadane etter ureiningslova, lakse- og innlandsfiskelova, og høve til allmenne interesser, jf. vassressurslova § 8. Det er NVE som avgjer søknadane etter vassressurslova.

Fylkesmannen vurderar med visse atterhald at det kan gjevast konsesjon for Berge /Bjåstad og Jordal kraftverk . For Hatlestad kraftverk rår vi til ei noko redusert utbygging. Ut i frå verknaden for allmenne interesser, vil fylkesmannen rå til at det ikkje vert gjeve konsesjon for Romøyri og Lidal kraftverk.

Før det vert gjeve konsesjon for bygging av ny kraftline ber vi om det vert vurdert om det skal stillast krav til konsekvensutgreiing.

Av omsyn til miljøverninteresser , andre næringar og fallrettshavar i Fjærland vil fylkesmannen oppmode om at det vert utarbeidd samla planar for området før ein gjev konsesjon til utbygging av kraftverk og kraftliner.

Vi forstår at Småkraft AS og fallrettshavarane for desse prosjekta, ønskjer avklaring så snart som råd. Ein samla plan vil likevel gje eit mykje betre grunnlag for å vurdere konsekvensar og konfliktar for området sett under eitt. I tillegg kan det føre til at ein finn fram til betre løysingar, m.a. for utføring av produsert kraft. Sogndal kommune, andre fallrettshavarar i Fjærland og Sognekraft AS har også lagt vekt på dette i sine uttalar. Det er også eit mål for regjeringa å få ei meir samla planlegging, som skal sikre at ikkje naturmangfald, friluftsliv eller store landskapsverdiar går tapt, jf. "Soria Moria-erklæringa"."

Sogn og Fjordane fylkeskommune behandlet de fem kraftverkssøknadene i fylkesutvalget den 01.02.2006. Det ble gjort følgende vedtak:

- *"Fylkeskommunen viser til Sogndal kommune sitt vedtak 15.12.2006 om å utsette handsaminga av dei fem planlagde kraftverka og linjeprosjektet langs Fjærlandsfjorden til det ligg føre ei samla vurdering av aktuelle konsekvensar.*
- *Fylkeskommunen støttar kommunen i denne tilnærminga til saka ut frå at det er viktig å få ei samla vurdering av kva prosjekt som kan vere aktuelle for utbygging i heile Fjærlandsbygda sett i samanheng med aktuelle løysingar for uttransportering av kraftproduksjonen."*

Fra saksutredningen refereres følgende for Lidal kraftverk:

[...]

"Samla vurdering av fordeler og ulemper, evt. forslag til avbøtande tiltak

Fordelane ved tiltaket er fyrst og fremst av økonomisk karakter og knytt til energiproduksjon på 24 GWh/år. Utbygginga vil styrke lokalt nærings- og busettingsgrunnlag. I tillegg til litt ekstra lokal sysselsetting i anleggsperioden vil det bli skatteinntekter til det offentlege.

Ulempene ved tiltaket vert vurderte til å bli ubetydelege til store negative avhengig av tema som er vurdert. Utbyggjaren har sjølv foreslått avbøtande tiltak m.a. ved å sleppe minstevassføring lik alminneleg lågvassføring om sommaren og ved at kraftstasjonsbygget skal oppførast i tråd med eksisterande bygningar og terreng. Vidare skal det etablerast nytt vassuttak for huseigarane på Lidal som i dag tek ut vatn frå Kvanndøla og utbyggjaren er innstilt på å ta vare på vekstgrunnlaget i anleggperioden på ein slik måte at det kan leggast tilbake ved tildekking av rør og vegtrasear.

Fylkesrådmannen er negativ til ei løysing med plassering av kraftstasjonen sør for det bebygde området og heilt frigjort frå elva sitt utløp i fjorden. Dette vil bli eit markert inngrep på ein svært synleg stad. Fylkesrådmannen vil i staden foreslå at kraftstasjonen vert plassert noko lenger frå sjøen og slik at driftsvatnet kan tilbakeførast til elva før utløpet i sjøen. Ved slik alternativ plassering vil det vere sjanse for at støyen frå turbinen spreier seg mindre utover fjorden.

Rørgatetrasen bør justerast for å unngå å komme for nær bygningar i Jensdalen. Planframstillinga frå søkjaren sett saman opplysningar som vart gitt på synfaringa 26.10.05 gir ikkje avklaring på kva tiltak som eigentleg er aktuelle når det gjeld evt. opprusting/endring av kraftlinjenettet i området. Fylkesrådmannen legg til grunn at linja mellom Berge/Bjåstad og Lidal vert fjerna og at Lidal kraftverk vert knytt til eksisterande fjordspenn med ei ny tilknytingslinje med lengde 600-700 meter. Fylkesrådmannen meiner at desse spørsmåla må avklarast i ein ny plan for samanbinding av kraftverka langs fjorden med linjer.

Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne i utbyggingsområdet, men fylkesrådmannen kan likevel ikkje sjå bort frå at det kan liggje uregistrerte automatisk freda kulturminne innafor tiltaksområdet og ber difor om at tiltakshavar vert gjort merksam på følgjande:

"Tiltakshavar har plikt til å vise varsemd og til straks å melde ifrå til Kulturavdelinga dersom ein under arbeidet skulle støyte på automatisk freda kulturminne, jf. Lov om kulturminne § 8, 2.ledd.""

Fylkesutvalget gjorde videre følgende vedtak den 31.01.2007:

1. *"Sogn og Fjordane fylkeskommune rår til at konsesjon vert gitt for Berge/Bjåstad, Lidal, Jordal, Romøyri og Hattestad kraftverk på visse vilkår, ut frå at dei økonomiske fordelane av tiltaka vert vurderte til å vere større enn ulempene og kraftverka vil styrkje næringsgrunnlaget lokalt.*
2. *Fylkeskommunen støttar dei krava som Sogndal kommune har sett, og vil knyte følgjande merknader i tillegg:.*
    - *Berge/Bjåstad kraftverk alternativ A (med tunnel til inntak i Bjåstadelvi) vert prioritert framfor alternativ B.*

- *For Romøyri kraftverk må det sleppast ei minstevassføring frå inntaket i storleik 80 liter/sek om sommaren.*
- *Jordal kraftverk alternativ A (inntak kote 270) vert prioritert framfor alternativ B (inntak kote 200)."*

Statens vegvesen - Region vest har i brev datert 21.12.2005 ingen merknader til utbygging av Lidal kraftverk.

Den norske turistforening har sendt inn følgende merknad i brev av 31.08.2006:

"Vi viser til planane om bygging av fem småkraftverk samt tilhørande 66/132 kV-kraftlinje langs Fjærlandsfjorden, som vi etter å ha tatt kontakt med NVE fekk tilsendt i oktober '05. Vi viser også til Sogn og Fjordane Turlags høringssvar datert 17.12.05.

Vi er klar over at høringsfristen for lengst er ute, men sidan NVE ikkje har avgjort søknadene enda, vil vi knytte noen merknader til prosjekta, særlig med bakgrunn i det oppdraget OED gav NVE tidligare i sommar, nemlig å lage retningslinjer for planlegging/konsesjonsbehandling av småkraftverk. Retningslinjene skal brukast ved utarbeiding av regionale (fylkesvise) planar for småkraftverk samt at NVE skal bruke dei som grunnlag for heilskaplig vurdering av konsesjonssøknader, også i område der det ikkje finst noen fylkesplan.

Retningslinjene er snart ferdige, og skal deretter ut på høring. DNT forventer at styresmaktene, så fort retningslinjene er vedtatt, sørger for at regionale styresmakter (fylkeskommune og fylkesmann) starter opp arbeidet med fylkesvise planar for småkraftverk. Det er sterkt behov for verktøy som gjer det mulig å vurdere den omfattande småkraftverkutbygginga litt meir samla og regionalt. Slik det er nå, blir det ei meir eller mindre tilfeldig behandling av enkelt-prosjekt, utan å vurdere negative sumeffektar.

Stortinget er også opptatt av denne problemstillinga, og i Innst. S. 228 (2004-05) fra Energi- og miljøkomiteen til St.meld. 21 (2004-05) Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand uttaler komitéens fleirtal (alle minus Frp): Flertallet viser til at meldingen peker på at fysiske inngrep og endret arealbruk utgjør den viktigste trusselen mot biologisk mangfold, og at summen av mange små inngrep som alene synes ubetydelige, utgjør en snikende fare for mange arter. Disse artene forsvinner ikke umiddelbart, men over tid svekkes livsgrunnlaget, til artene til slutt forsvinner. Denne erkjennelsen må innebære at vi øker oppmerksomheten mot sumkonsekvenser av inngrep som hver for seg fremstår som små. Derfor er det viktig at dei fylkesvise planane raskt blir operative.

Fram til dette verktøyet er klart, bør konsesjonsbehandlinga av enkeltprosjekt som hovudregel opphøre. DNT er svært skeptisk til at styresmaktene skal fortsette å behandle eitt og eitt prosjekt utan å kjenne til sumeffektar eller det enkelte vassdrags regionale/nasjonale verdi, når vi veit at eit nytt forvaltningsregime er på veg. Vi ber derfor om at prosjekt som nå ligg til behandling i NVE blir lagt bort til dei fylkesvise planane for småkraftverk er på plass. Vi vil trekke fram noen prosjekt som understreker at det er særs viktig med ei regional vurdering.

Fem kraftverk og kraftlinje ved Fjærlandsfjorden

Fjærlandsfjorden, som ein nordlig arm av Sognefjorden, er eit område av nasjonal verdi for friluftsliv og turisme, men også når det gjeld landskap og naturverdiar. Småkraft AS søkjer om bygging av fem småkraftverk med tilhørande kraftlinje, men i tillegg er det planar for 36 andre mindre kraftverk i området. Det er viktig at desse planane blir sett i samanheng, og at sumverknadene av prosjekta blir vurdert. Det ville vere svært uheldig om mange av desse

prosjekta skulle bli realisert utan at det er lagt vekt på den samla negative verknaden dette får for landskap, friluftsliv, naturverdiar, kulturminne og turisme ved Fjærlandsfjorden.

I Småkrafts prosjekt har dei fem planlagte utbyggingane til dels stor konflikt med naturmiljø, friluftsliv og landskap. Romøyri kraftverk dreier seg bl.a. om utbygging av Romfossen, som er eit godt synlig landskapselement frå det aller meste av fjorden sør for Romøyri. Med dei framlagte planane blir fossen tørrlagt 11 månader i året, og vassføringa ved fjorden blir redusert til 20% av normal vassføring. Romøyri har også eit godt bevart kulturlandskap med gamle, fine bygningar der elva som renn gjennom området er ein vesentlig del av miljøet. Romedalen er vidare eit attraktivt område for friluftsliv, med eige turkart og spennande turmål som Romhesten og ulike merka/umerka turruter.

Lidal kraftverk skal utnytte lange elvestrekningar, og restvassføringa blir minimal. Området har rike kulturminne, bl.a. det nedlagte bruket Tråna, som er eit flott (men uoppdaga) reiselivsmål. Lidal er eit ypperlig friluftsområde med mange nære og litt fjernare turmål. Potensialet for å finne raudlisteartar i dei nesten tørrlagte bekkekløftene er stort, og noen artar vil trulig forsvinne. Samtidig blir eit stort areal med kvalifisert villmark borte.

Hatlestad kraftverk skal liggje i eit område som er mye brukt til friluftsliv. Restvassføringa blir lita, og 250 m av rørgata er foreslått lagt i dagen. Vidare vil det ta lang tid å revegetere resten av rørgatetraséen og anleggsvegen, noe som er svært negativt både for landskap, friluftsliv og reiseliv.

Berge/Bjåstad og Jordal kraftverk er noe mindre konfliktfylte, og kan kanskje aksepterast dersom avbøtande tiltak som auka vassføring, skrinlegging av permanent anleggsveg, kabling av kraftlinje og flytting av inntak lenger ut (ned) blir gjennomført.

[...]

Konklusjon

Som denne noe ufullstendige gjennomgangen viser, er det svært mange småkraftverk som for tida er til behandling i NVE. Isolert sett er dei negative konsekvensane av å realisere eitt av desse prosjekta kanskje ikkje så store, men summen av alle vil gi svært uheldige verknader både for landskap, opplevingsverdi, friluftsliv, kulturminne, biologisk mangfald og trivsel. I dag har vi ingen verktøy som fanger opp dei totale konsekvensane av mange utbyggingar i ein region. Det var noe av bakgrunnen for at regjeringa i Soria Moria-erklæringa slo fast at det skal utarbeidast fylkesvise planar for småkraftverk som skal sikre naturmangfald, friluftsliv og landskapverdiar.

Etter DNTs syn blir det lite formålstenlig å fortsette konsesjonsbehandlinga av kontroversielle og konfliktfylte prosjekt like før retningslinjene for småkraftverk er klare til å bli tatt i bruk. Vi oppmoder derfor NVE om å ta på alvor Soria Moria og tverrpolitiske signal frå Stortinget om negativ sumverknad av mange mindre inngrep, og legge saksbehandling av småkraftverk på is til dei fylkesvise planane for småkraftverk er på plass."

Sogn og Fjordane turlag har i brev av 17.12.2005 uttalt:

"Vi viser til 5 konsesjonssøknader om småkraftverk og 1 konsesjonssøknad om kraftlinje sendt med dykkar brev av 23.09.2005 og 22.09.2005, og til offentleg møte i Fjærland 26.10.2005.

Om Sogn og Fjordane Turlag:

Sogn og Fjordane Turlag er eitt av Den Norske Turistforening sine 51 medlemslag, og fylkeslag for 11 lokale turlag spreidd over heile fylket. Sist oppdaterte medlemstal: 3.904.

Generelt om Fjærland:

Fjærlandsfjorden og Fjærland har sidan slutten av 1800-talet vore eitt av Sogn og Fjordane sine fremste reisemål både for kommersiell turisme og for friluftsliv - særleg brevanding. Bygda har hatt, og har, framsynte og dyktige folk som på ein positiv måte har vidareutvikla tilbodet, slik at Fjærland sin posisjon på desse områda i dag truleg er sterkare enn nokon gong før. Bremuseet, Bokbyen, Mundal hotell, Flatbrehytta og turistbåtruta på fjorden (1. mai - 30. september) er saman med den fantastiske naturen hjørnesteinar i bygda sitt tilbod til turistar og friluftsfolk. I tillegg har ein enda eit hotell, campingplass, mange utleigehytter, Brevasshytta, breførartilbod, "spons ein sau"-prosjektet, mange merka turruter, eige turkart for Fjærland etc.

For det ikkje-kommersielle friluftslivet på bre, som vi (og andre) representerer, er vel Fjærland framleis det fremste senteret i fylket. Flatbrehytta er sentral, og det er ei heil rekkje turruter over breen til/frå Fjærland. Ruter som både har og ikkje har, tilknyting til Flatbrehytta. I tillegg er det ei rekkje vanlege fotturruter både i sjølve Fjærland og opp frå Fjærlandsfjorden. På Sogn og Fjordane Turlag sitt turprogram er det mange turar i/til/frå Fjærlandsområdet. Bygdefolket i Fjærland er aktive friluftsfolk, og flittige brukarar av friluftsområda i Fjærland. Turlaget samarbeider med folk i Fjærland om nokre av turane våre.

Det kommersielle reiselivstilbodet i Fjærland er i svært stor grad basert på ein vellukka kombinasjon av natur, kultur og friluftsliv . Få andre stadar i fylket vårt er friluftsliv ein så stor del av det totale reiselivstilbodet som i Fjærland.

"Spons ein sau"-prosjektet er noko heilt spesielt, og inkluderer mellom anna at sponsarane kan vere med saueeigarane på tur for å ha tilsyn med sauene som er på beite. I det landskapet som er i Fjærland, gir dette heilt spesielle tur- og kulturopplevingar. Bakgrunnen for prosjektet er mellom anna at ein gjennom sauebeiting tek betre vare på kulturlandskapet.

Samla planlegging av småkraftutbygging i Fjærland:

Med den sterke nasjonale og internasjonale posisjonen Fjærland og Fjærlandsfjorden har innanfor natur- og kulturbasert reiseliv og friluftsliv, toler ikkje bygda og fjorden for mange nye naturinngrep før tilbodet vert skadelidande.

I informasjonsmøtet 26.10.2005 vart det opplyst at det i tillegg til dei 5 konsesjonssøkte prosjekta, er 36 andre små kraftprosjekt. Viss for mange av dei totalt 41 prosjekta vert utbygde, vil det etter vårt syn ha ubotelege skadeverknader for reiseliv og friluftsliv i Fjærland. Dette betyr ikkje at det skal seiast nei til all småkraftutbygging, men at talet på kraftverk må vere avgrensa, og at ein må vere veldig grundig i valet av kva prosjekt som skal byggast ut. I prioriteringa av kva småkraftverk som skal byggast ut, må ein spesielt ta omsyn til reiseliv, friluftsliv , biologisk mangfald, kulturminne og urørt natur . Dessutan må ein ta omsyn til kva kraftverk som best er med på å sikre busetnaden, spesielt drifta av gardsbruka i Fjærland.

Vi synest det er positivt at Småkraft AS har fremma konsesjonssøknader for 5 småkraftverk og kraftlinja samstundes. Det gjer det lettare å sjå prosjekta i samanheng. Det som manglar frå Småkraft AS si side, er ei samla konsekvensvurdering. Det er ei vesentleg ulempe, men dei følgjer vel gjeldande regelverk for småkraftutbyggingar.

Sjølv om ein no kan sjå 5 kraftverk i samanheng, er dette altfor lite når det totalt er 41 prosjekt. Vi gjer framlegg om at handsaminga av konsesjonssøknadane for dei 5 kraftverka vert utsett til ein har laga ei samla vurdering og prioritering av alle dei ca. 41 prosjekta. Dette er spesielt viktig når det heilt klårt er fleire av dei 5 prosjekta som bør prioriterast lågt samanlikna med andre aktuelle, enno ikkje konsesjonssøkte prosjekt. Vurdering av alle utbyggingsprosjekt i Fjærland i samanheng , med tilhøyrande avgrensing i talet, er også viktig for å lage ein fornuftig plan for utbygging av linjenettet . Linjesøknaden må då også utsettast.

For å gjennomføre ei samla planlegging og prioritering av alle utbyggingsprosjekta i Fjærland, gjer vi framlegg om å etablere ei nøytral prosjektgruppe der Sogndal kommune, Fylkesmannen, NVE og representantar for Fjærland er med . Prosjektgruppa må vere oppdragsgjevar for ei grundig kartlegging av biologisk mangfald og kulturminne. Eventuelt også andre tema, t.d. friluftsliv. Finansiering av ei slik kartlegging bør vere eit spleiselag mellom kommunen, fylkesmannen, NVE, DN, MD, OED og dei utbyggarane som til slutt far lov å bygge ut. NB! For at prosjektgruppa sine prioriteringar skal framstå som truverdige, er det viktig at prosjektgruppa er mest mogeleg nøytral . Gruppa må derfor ikkje ha med representantar for utbyggarar, kraftlinjeeigarar og andre med særinteresser innanfor utbygging. Fagkunnskapane innanfor dette området må ivaretakast av NVE, eventuelt av nøytrale som NVE peikar ut! Viss særinteressene innanfor kraft- og linjeutbygging vert haldne utanfor prosjektgruppa, vil vi heller ikkje be om at representantar for friluftsliv og naturvern skal vere med i gruppa. Men vi føreset sjølvsagt at prosjektgruppa har kontakt med, og innhentar informasjon frå, både utbyggarar, linjeeigarar, friluftlivs- og naturvernorganisasjonar, og andre.

Prosjektgruppa sine førebels framlegg med vedlegg må sendast på brei høyring til mellom andre utbyggarar, friluftslivsorganisasjonar, naturvernorganisasjonar, reiselivsorganisasjonar, alle som bur i Fjærland, etc etc før den endelege prioriteringa vert laga. Om ikkje før, så må NVE tungt inn i alle fall i denne fasen. Gjennomføringa av eit slikt kartleggings- og prioriteringsprosjekt vert vel eit pilotprosjekt (?), og bør gjerast så skikkeleg at det vert eit mønsterarbeid for andre bygder/kommunar både i Sogn og Fjordane og i resten av landet!

Kommentarar og synspunkt vedr. kvart einskilt småkraftprosjekt:

Vårt primære synspunkt, er at konsesjonshandsaminga av alle prosjekta vert utsett, sjå ovanfor. Viss vi ikkje får gjennomslag for dette, kjem vi her med synspunkt og prioriteringar som gjeld dei 5 prosjekta som no er konsesjonssøkte.

Generelle kommentarar og synspunkt:

Vi er generelt svært kritiske til utbygging i eit område som er så sentralt for reiseliv og friluftsliv som Fjærlandsfjorden/Fjærland. På den andre sida aksepterer vi at det vert noko utbygging, viss skadeverknadane vert små, og utbyggingane er viktige for å sikre busetnad og drift på gardane. I det etterfølgjande har vi omtala dei einskilde utbyggingane i prioritert rekkefølgje, dei vi er sterkast mot, er omtala først, og dei vi er minst kritiske til, er omtala sist.

Når det gjeld omtalen av konsekvensane av utbyggingane, særleg kartlegginga av biologisk mangfald, meinar vi at det arbeidet som er utført, er altfor dårleg. Både for det einskilde prosjektet, og samla. Det regelverket som eksisterer (for småkraftverk), strekk ikkje på nokon måte til for så store samla utbyggingsinngrep som det her er snakk om! Når det i utgreiingar t.d. står at det er stort potensiale for funn av raudlisteartar, men det likevel ikkje er undersøkt om det verkeleg finst slike artar, så er dette heilt uakseptabelt. Enten må slike utbyggingar avslåast med ein gong, eller så må det krevjast skikkelege tilleggutgreiingar!

[...]

2. Lidal kraftverk:

Lidal er ei anna fråflytta perle ved Fjærlandsfjorden, med eit rikt utval av ulike kulturminne. Den aller største av delperlene i Lidal, det nedlagde bruket Tråna, eit stykke opp frå fjorden, nordaust for elva, er så vidt vi kan sjå, knapt nok nemnd i konsesjonssøknaden. Ifølgje reiselivsfolk vi har vore i kontakt med, er dette ein ukjend "juvel" som er fullt på høgde med det mykje meir kjende bruket Sinjarheim i Aurlandsdalen. Bruket vert til ei viss grad nytta som reiselivsmål for grupper på dagsturar, og er svært populært, men utfordringa ligg i få dette glimrande reiselivsmålet til å generere nok inntekter.

Lidal er eit glimrande friluftsområde med både mange nære turmål som Tråni og dei mange stølane, og med mange attraktive fjernare turmål/turruter som Romhesten, Øvre Romedal, Romøyri, Grindsdalen og Sogndalsdalen. Dessverre gjer mangelen på rutegåande kommunikasjonar området mindre brukt enn det burde vore.

Frå fjorden er sjølve elva lite synleg, men røyrgatetraseen kjem til å bli synleg i mange år, og kraftlinjetraseen vert synleg for alltid. Dessutan vil "elva" kome ut frå "ingenting" (kraftstasjonen) midt i kulturlandskapet, noko som vil sjå heilt merkeleg ut.

Utbygginga tek inn vatnet langt oppe i Kvanndalen og Breisetedalen, slik at lange elvestrekningar vert påverka. Slukevna for kraftstasjonen er mellom 149% og 8% av middelvassføringa. Samanlikna med normalvassføringa, er den planlagde minstevassføringa ubetydeleg. Avrenninga frå restfeltet vil vere rimeleg bra så langt utover sommaren som det er snø i fjellet. Men seinare på sommaren må ein rekne med at avrenninga frå restfeltet vert relativt ubetydeleg i godværsperiodar.

I miljørapporten er det opplyst at det er stort potensiale for raudlisteartar i bekkekløftene i den delen av vassdraget som vil verte nesten tørrlagd. Det er vidare opplyst at det er sannsynleg at nokre av dei aktuelle artane vil forsvinne som følgje av utbygginga. Dette er ikkje bra, og det er spesielt lite bra fordi ein ikkje veit kva slags artar det dreiar seg om. Vi har forståing for at det av tryggleiksomsyn har vore vanskeleg å undersøke dette nærare, men dette er likevel ikkje godt nok, og det er ein ekstra grunn til å seie nei til utbygginga.

Turlaget sitt syn på utbygginga: Turlaget går mot at Lidal kraftverk får konsesjon. Grunngjeving: Inngrepa vil skje i eit område som er viktig for reiseliv og friluftsliv. Raudlisteartar vil truleg forsvinne som følgje av utbygginga. Eit stort areal "kvalifisert villmark" vil forsvinne . Lidal er fråflytta, og utbygginga far lite/ingenting å seie for busetnaden i Fjærland. I prioriteringa mellom dei mange utbyggingane som er aktuelle i Fjærlandsområdet, bør denne prioriterast lågt."

[...]

Norges naturvernforbund har i brev datert 19.12.2005 sendt samlet høringsuttalelse for de fem kraftverkene og kraftledningen:

"Norges Naturvernforbund viser til "pakke"-søknaden fra Småkraft AS om bygging av 5 kraftverk og en 132 kV kraftledning langs Fjærlandsfjorden i Sogn og Fjordane.

Vi vil støtte og understreke argumentasjonen mot disse planene, slik dette kommer til uttrykk i den meget grundige uttalelsen av 2. desember fra vårt fylkeslag i Sogn og Fjordane.

Fordi denne saken dreier seg om nasjonale og til dels internasjonale verdier, er et berettiget at også Naturvernforbundet sentralt markerer sitt syn.

Vi vil spesielt peke på følgende forhold :

1.De norske fjordene er av National Geographic kåret til de beste reisemålene i verden. Fjærland er av magasinet "Reiser og Ferie" kåret til det beste reisemålet i hele Norge. Søknadene gjelder inngrep i noe av det mest storartede av natur og landskap som finnes - både nasjonalt og internasjonalt. Når det meste av vannet i alle elvene langs fjorden blir borte, blir hele landskapet utarmet. I tillegg vil kraftlinja tilføre landskapet et klart negativt element. Uforstyrret natur øker i verdi som tiden går - også som grunnlag for turisme.

2.Inngrepene vil berøre begge sider av Fjærlandsfjorden. Fjærlandsfjorden er en av de fjordene på Vestlandet som er aller minst preget av tekniske inngrep. De planlagte inngrepene vil i vesentlig grad redusere arealet av inngrepsfri natur i fylket - en kvalitet som blir stadig mer etterspurt og som det er bred politisk enighet om å hindre reduksjon og utarming av.

3.Det er svært viktig at NVE vurderer effekten av de 5 kraftverkene og kraftledningen som et samlet naturinngrep. Det er en stor mangel ved søknaden at forfatterne av konsekvensvurderingene har vurdert hvert enkelt prosjekt for seg - uten å gi en samlet vurdering. De undersøkelser som er foretatt, gir en ufullstendig og til dels tilfeldig kunnskap om bare fragmenter i hvert nedbørsfelt og langs kraftlinjetraseen. Rapportene oppfyller ikke de krav som må stilles til saklig grunnlag for å avgjøre om en utbygging er forsvarlig.

KONKLUSJON:

Norges Naturvernforbund gjentar som sin konklusjon følgende utsnitt fra uttalelsen fra vårt fylkeslag:

"Den viktigaste innvendinga mot kraftanlegga og kraftlina er at eit stort fjordlandskap som i svært liten grad er prega av nyare og større tekniske inngrep blir industrialisert av fleire tyngre inngrep. Både økologisk og visuelt er Fjærlandsfjorden ein lite forstyrra del av dei spesielle norske fjordlandskapa. Dersom planen blir realisert, inneber det eit vesentleg tap av uforstyrra natur. Dette er ikkje berre ei lokal salg Det er heller ikkje berre snakk om eit nasjonalt tap. Dette er ein landskapstype som Noreg har eit internasjonalt ansvar for, ut frå prinsippet om at kvar stat må ta vare på sin eigenart av verdsnaturen . To område av den vestnorske fjordnaturen kom nyleg på Verdsarvlista , som framståande representantar den norske fjordnaturen som noko einestående i verda. Dette skjedde med lokal og nasjonal oppslutning , og det bør tilseie at eit eigenarta og høgt verdsett landskap som Fjærlandsfjorden heller ikkje blir skusla vekk. ""

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane har i brev datert 02.12.2005 uttalt følgende om søknad til å bygge fem kraftverk og ny kraftlinje langs Fjærlandsfjorden:

"Naturen i området

Fjærlandsfjorden frå Rauboti og ut er den eine av tre strekningar av Sognefjorden som på begge sidene er utan større tekniske inngrep, med unnatak for Meneset. Austsida er uforstyrra frå Berge. Dei to andre er delar av Aurlandsfjorden og ytre delen av Lustrafjorden. Dei bratte fjellsidene, rasmarker og markerte elvedalar ned mot den tronge Fjærlandsfjorden gjev eit dramatisk landskap frå naturen. Nokre eldre bygningar og andre kulturminne er små menneskeverk i det lite forstyrra landskapet. Opplevingsverdiane er store. Dei fråflytte og veglause husklyngene Lidal og Romøyri ligg som einslege påminningar om ei tid og ein kultur som var, om eit jordbruk og ein levemåte som for mange i dag er svært framandarta, men

ettertrakta å oppleve. Fjærlandsfjorden er ein av dei fjordane på Vestlandet som er aller minst prega av dominerande inngrep.

National Geographic kåra i 2004 dei norske fjordane til det beste reisemålet i verda. Kriteria var mellom anna kor vakre områda er og kor godt dei er forvalta. Dette er eit kvalitetsstempel utan omsyn til kor mange som er turistar i desse fjordane. Fjørlandsfjorden er i sommarhalvåret trafikkert av cruiseskip, ferje og private båtar. Trafikken er aukande. I 2004 var det rundt 25 000 reisande berre med ferja. I 2004 kåra magasinet "Reiser og Ferie" Fjærland til det beste reisemålet i heile Noreg.

Desse erklæringane fortel at søknadene gjeld inngrep i noko av det mest storarta av natur og landskap som er å finne, både i nasjonal og større samanheng. Eit inngrep i Fjærlandsfjorden er ikkje berre ei lokal sak. Det er eit spørsmål om korleis vi forvaltar ein einestående del av eit fjordlandskap som Noreg er åleine om i verda.

[...]

Om konsekvensvurderingane

Miljørapportane byggjer på korte synfaringar i område som frå før er dårleg undersøkte. Litteraturlistene i rapportane inneheld generelt stoff, ikkje publikasjonar eller artiklar som gjev faktiske opplysningar om det naturskapte inventaret langs fjorden. Litt tilleggsopplysningar har forfattarane henta frå databasar og personar som kjenner nokre av områda. Det er høgst usikkert kor dekkjande eller kor tilfeldige desse opplysningane er. Det verkar opplagt at dei er ufullstendige. Om floralistene står det i rapportane at dei gjeld karplanter og at er ikkje på nokon måte komplette. Det vil seie at dei er bortimot verdilause anna enn som varsel om at vi grovt set finn vegetasjon som er å vente i området. Spesielle biotopar som bekkekløfter har forfattarane ikkje studert i det heile. Vi må gå ut frå at opplysningar om raudlista artar er høgst mangelfulle.

Forfattarane har vurdert kvart prosjekt for seg, og ikkje gjort ei samla vurdering av konsekvensane. Dette kunne kanskje vere forsvarleg om det var snakk om å byggje ut det eine eller det andre av dei prosjekterte verka. Miljørapportane følgjer eit vanleg mønster for tematisk oppdeling, eit i og for seg kurant opplegg så langt det rekk. Men dei rekk ikkje så langt at dei gjev noko samla og dekkjande bilete av den heilskapen som står på spel i denne saka. Vi får berre kjennskap til ein del fragment i kvart nedbørsfelt og langs kraftlinetraseen.

Etter vår oppfatning fører metoden til ei undervurdering av den samla effekten når planen går ut på at praktisk tala alle dei større elvane langs fjorden skal i røyr. Risikoen er stor for at sjeldne biotopar går tapt utan at nokon veit om det. Då har vi, med svært mangelfulle opplysningar i saka, ikkje lenger ei kunnskapsbasert, men ei dogmatisk forvaltning, ei handtering som er i strid med det som er eit vedteke mål for norsk naturforvaltning. Rapportane oppfyller ikkje dei krava som vi må stille til sakleg grunnlag for å seie at utbyggingane er forsvarlege. Føre var-prinsippet tilseier at rapportane ikkje gjev grunnlag for eit vedtak om utbygging.

Det er mogeleg at rapportane har rett når dei til dømes seier at konsekvensane for opplevingsverdien er middels negativ av at ei vatnet for det meste går under jorda. Men når det meste av vatnet i alle elvane langs fjorden vert borte, blir heile landskapet utarma, og dei samla konsekvensane er ikkje middels. For det første blir positive verdiar i landskapet borte ved at vatnet forsvinn. I tillegg vil kraftlina tilføre landskapet eit klart negativt element. Å realisere planen inneber ei industrialisering av eit landskap som er prega av ein rik og vakker natur, med

ein del kulturminne som ikkje er meir dominerande enn at dei treng stadig vedlikehald for ikkje å forsvinne i skogen.

Dersom oppsamlinga av vatnet i dei fem elvane hadde vore ein del av ein plan for å samle vatnet til ei trykksjakt og ein generator, eit tradisjonelt takrennesystem, ville konsekvensutgreiinga ha måtta vurdere dei samla effektane. For naturen og landskapet er det liten eller ingen skilnad på eit slikt prosjekt og den aktuelle planen. Men i denne aktuelle saka er konsekvensvurderingane så fragmenterte og mangelfulle at dei alt i alt ikkje er forsvarlege som grunnlag for eit utbyggingsvedtak.

Om verknadene for landbruket

For fire av verka (alle utanom Romøyri) hevdar miljørapportane at dei vil ha positive, men rett nok små, verknader for landbruket. Eit av dei fire bruka, Lidal, er fråflytta.

I den offentlege debatten høyrer vi hevda at småkraftverk er eit gode fordi inntektene set bøndene i stand til å ta vare på kulturlandskapet. Denne påstanden er det i mange tilfelle grunn til å avvise. Om kulturlandskap med kulturhistoriske, biologiske og estetiske verdiar er i forfall, ser ut til å vere uavhengig av inntektene for dei som eig desse landskapa, også om dei driv som bønder. Nokre gjer ein stor og dårleg løna innsats for å hindre gjengroing, dei slær blomsterenger og held dyr på beita. Men forfallet er som regel eit resultat av at den drifta som har skapt dei verdfulle landskapa ikkje lenger løner seg. Det står att å sjå nok dekning for påstanden om at inntekter frå kraftverk vil utløyse ein større innsats i å drive med det som løner seg dårleg, når denne drifta ikkje ein gong lenger trengst av økonomiske grunnar.

På mykje av dei gamle kulturlandskapa er attgroinga komen langt. Sjølv om det skulle vere slik at inntekter frå kraftverka skulle verke til å dempe gjengroinga på dei areala som i dag er relativt opne, er det vår oppfatning at dette er ikkje ein effekt som taler for å gje konsesjon. Til det er skadane av dei planlagde inngrepa for store.

Det er heller ikkje opplyst kor store inntekter grunneigarane har i vente. Det kan ikkje vere uvesentleg dersom inntektene for grunneigarane skal vere eit argument i saka.

Bygdeøkonomisk er det ofte ei klar motsetning mellom økonomiske tiltak som går ut på å byggje større tekniske inngrep og tiltak som går ut på å gjere pengar på attraktive opplevingsverdiar. Det første kjem som regel i vegen for det andre. Noko form for samla, bygdeøkonomisk vurdering av utbyggingsplanen er ikkje gjennomført. Ingen veit om, og eventuelt i kva grad, utbyggingane vil gje Fjærlandssamfunnet økonomiske tap eller nytte. Kraftverksinntektene er passive, i den forstand at dei er ikkje betaling for arbeid. Ingen treng bu på Hatlestad eller Jordal for å ta mot utbyttet av å selje straum. Med dei store opplevingsverdiane og det gode ryktet Fjærland og Fjærlandsfjorden har som grunnlag for turisme gjennom meir enn 100 år, er det grunn til å stille spørsmål ved om planen frå Småkraft AS vil styrke busettinga i Fjærland på lengre sikt, eller om effekten vert den motsette.

På denne bakgrunnen meiner Naturvernforbundet at dei heilt ukjende inntektene for grunneigarane kan ikkje vere noko argument for utbygging. Å legge vekt på forhold som det ikkje eksisterer noko faktaopplysningar om, og heller ikkje noko form for kvalifisert vurderinga av, er i eit slikt tilfelle å ta usaklege omsyn.

Om avveginga i konsesjonsspørsmålet

Etter § 25 i vassressurslova kan konsesjon

"bare gis hvis fordelene ved tiltaket overstiger skader og ulemper for allmenne og private interesser som blir berørt i vassdraget eller nedbørfeltet".

Tiltaket er i dette tilfellet først og fremst dei fem kraftverka, samla, ikkje kvar for seg. Ut frå kommentarane til vassressurslova § 25 i Ot.prp. nr. 39 (1998-99) Lov om vassdrag og grunnvann vil det i dette tilfellet etter vår oppfatning ikkje vere forsvarleg å vurdere kvart kraftverk for seg, utan å sjå dei i samanheng. Det heiter på side 343, 1. spalte:

"Selv om minstekravet er oppfylt, og tiltaket alene ikke har store nok skadevirkninger, kan det begrunne et avslag at sumvirkningen av mange slike tiltak som kan forventes i fremtiden, kan ha det."

I dette tilfellet har vi å gjere med sumverknaden av fleire tiltak som det er tenkt å realisere på same tid.

For det andre vil vi hevde at også kraftlina må vere med som ein del av vurderingsgrunnlaget etter vassressurslova § 25, all den tid kraftlina er eit vilkår for å realisere utbyggingsplanane. Vi viser til Ot.prp. nr. 39 side 343, 2. spalte:

"Også virkningene av hjelpetiltak og –anlegg utenfor vassdraget som vil bli iverksatt sammen med hovedtiltaket, kan være aktuelle å ta i betraktning ved konsesjonsvurderingen."

Kraftlina er etter søknaden eit vilkår for å realisere kraftverksplanane.

Føremonane ved tiltaket er industriell og økonomisk utnytting av fallenergien i fem vassdrag. Dette er private føremonar, for eitt selskap og for nokre grunneigarar. Kraftutbyttet er kalkulert til 114-122 GWh, ved ulike alternativ. Dette er ein promille av den årlege straumproduksjonen i norske vasskraftverk, og den krafta representerer det som er råd å kalle dei allmenne føremonane ut frå eit politisk mål om å auke produksjonen av elektrisitet. Norges Naturvernforbund er ikkje samd i dette målet, men det er i denne samanhengen ei anna sak. Saka handlar heller ikkje om straumforsyning til eit visst område eller om eit tiltak som har særlege og definerte føremonar for samfunnet, lokalt eller nasjonalt. Om tiltaket ikkje blir realisert, vil ingen andre enn dei private interessentane ha noko ulempe av eit slikt utfall.

Tiltaket har ulemper for fleire allmenne interesser. Naturvern i vid forstand er ei slik allmenn interesse etter lova, likeeins kulturminnevern. Naturvern handlar om å ta vare på produksjonsevna og mangfaldet i naturen, men ikkje berre det. Også opplevingsverdiane i naturen tilseier naturvernomsyn i forvaltninga. Naturvern femnar òg om innslaga av kulturlandskap og andre kulturminne langs Fjærlandsfjorden.

Kravet i § 25 er altså at det må vere ei overvekt av føremonar ved tiltaket, jamført med ulempene. Dette er eit minstekrav for å få konsesjon. Saksframstillinga må vise at føremonane faktisk er større enn ulempene (Ot.prp. nr. 39 side 343, 2. spalte), ikkje berre gå ut frå at det er slik. Vasskraftverk er eit langsiktig tiltak, og etter Vassressurslova § 25, andre leden, må kriteria i første leden vere oppfylt på lang sikt. Dette må til dømes innebere at forvaltninga har gjort det som er mogeleg for å hindre at uventa skadar på naturen ikkje dukkar opp i framtida som følgje av manglande kunnskap om tilstanden før vedtak og konsekvensane av tiltaket. I dag ser vi at verdsettinga av uforstyrra natur aukar i samfunnet, både fordi opplevingane av slik natur er meir ettertrakta enn før, og fordi slik natur er av stigande verdi for turisme som næring. Dette tilseier at ulempene av utbygging vil komme til å vere meir negative i framtida. Som inngrepsfri natur er Fjærlandsfjorden og vassdraga å sjå på som einestående. Elektrisitet frå desse elvane er det ikkje.

Vassdragsnaturen er ein viktig del av den naturlege heilskapet i landskapet ved Fjærlandsfjorden, sjølv om elvane ikkje alltid er synlege frå fjorden. Stortinget har ved fleire høve presisert at

"hensynet til framtidige generasjoners naturopplevelser tilsier en restriktiv holdning til videre vassdragsutbygging, og at vi lar de aller fleste vassdrag som står igjen forbli urørte".

Vassdragsnaturen er etter dette å sjå på som eit knapt gode, slik at føremonane med ei utbygging må vere større enn tidlegare for å forsvare eit konsesjonsvedtak. Også av førearbeida til Vassressurslova § 1 går det fram at omsynet til naturlege prosessar etter lova skal ha større vekt enn tidlegare, særleg i dei urørde vassdraga som er att.

Konsekvensar for naturen og landskapet

Den viktigaste innvendinga mot kraftanlegga og kraftlina er at eit stort fjordlandskap som i svært liten grad er prega av nyare og større tekniske inngrep blir industrialisert av fleire tyngre inngrep. Både økologisk og visuelt er Fjærlandsfjorden ein lite forstyrra del av dei spesielle norske fjordlandskapa. Dersom planen blir realisert, inneber det eit vesentleg tap av uforstyrra natur. Dette er ikkje berre ei lokal sak. Det er heller ikkje berre snakk om eit nasjonalt tap. Dette er ein landskapstype som Noreg har eit internasjonalt ansvar for, ut frå prinsippet om at kvar stat må ta vare på sin eigenart av verdsnaturen. To område av den vestnorske fjordnaturen kom nyleg på Verdsarvlista, som framståande representantar den norske fjordnaturen som noko einestående i verda. Dette skjedde med lokal og nasjonal oppslutning, og det bør tilseie at eit eigenarta og høgt verdsett landskap som Fjærlandsfjorden heller ikkje blir skusla vekk.

Miljørapportane opplyser at planen vil redusere det villmarksprega arealet langs fjorden med 26,9 km2, dersom vil summerer tala for dei ulike delane. Talet er noko mindre fordi kraftverka Romøyri og Lidal i denne samanhengen overlappar kvarandre, men det går ikkje fram kva som er den korrekte summen. Talet 26,9 km2 er meir enn fire gonger det årlege bortfallet av villmarksprega område i Sogn og Fjordane i 1988-98. Sjølv om vi reduserer talet ovanfor til det halve, blir tapet langs Fjærlandsfjorden dobbelt så stort som den årlege nedgangen i perioden. Frå før har Sogn og Fjordane 4 prosent villmarksprega areal, som er mindre enn gjennomsnittet for Sør-Noreg. Det ligg rundt fem prosent.

Dei nedre delane av alle dei større elvane langs Fjærlandsfjorden sør for Mundal blir praktisk tala borte dersom planen vert sett ut i livet. Dette inneber å fjerne vatnet som landskapsdannande kraft og ein viktig økologisk faktor i dei mest produktive og biologisk varierte delane av landskapet. Det at ein del av elvane ikkje er heile tida er synlege, er ikkje eit argument for at dei delane som ikkje er synlege, er utan verdi for opplevingane. For mange er det vesentleg å vite om naturen går i sin naturlege rytme eller ikkje. Landskapet vil gjennom mange år vere prega av tydelege sår langs røyrtraseen. Titusenvis av menneske får dårlegare eller direkte negative opplevingar kvart år. Ei ny kraftline vil for alltid vere eit negativt element. Det verkar som ei høgst subjektiv vurdering at kraftlina vil ha middels (alternativ A) og liten (alternativ B) negativ konsekvens. Vi kan ikkje sjå at forfattarane har argumentert forsvarleg for denne konklusjonen.

Konsekvensvurderingane i miljørapportane varierer frå prosjekt til prosjekt. For emnet inngrepsfri natur har kraftlina og dei to kraftverka Lidal og Romøyri store negative konsekvensar. For geologi og landskap er karakteristikken middels negative konsekvensar for kraftlina (alt. A), Lidal og Berge/Bjåstad (alt. B). For Romøyri er den negative effekten middels til stor og for Hatlestad stor. Dei to andre verka har mindre konsekvensar på dette feltet, etter rapportane å dømme.

Vi vil hevde at samla sett er dette ei underrapportering. Det storarta og vakre landskapet langs Fjærlandsfjorden har sine kvalitetar ved at det er så lite prega av inngrep som forstyrrar, økologisk og visuelt. For natur og landskap vil vi hevde at konsekvensane av heile prosjektet (kraftverka og kraftlina) er svært store og negative. Det same vil vi hevde gjeld for friluftsliv og opplevingsverdiar. At så mykje inngrepsfri natur, først og fremst villmarksprega, vert borte, styrker argumentasjonen for dette standpunktet. Inngrepsfri natur har større verdi nær fjorden, der areala av klimatiske og andre grunnar er meir produktive enn i høgda, og dessutan er inngrepsfri natur i låglandet sjeldan langs Sognefjorden. Det er vår innvending mot miljørapportane at dei ikkje tek omsyn til at fleire inngrep i heile området samla har større konsekvensar enn summen av eit og eit av inngrepa. Mange tilfelle av middels konsekvensar vert i dette tilfellet meir enn middels. Denne samla effekten seier rapportane ikkje noko om.

For biologisk mangfald er gjennomgangsmelodien middels negative konsekvensar. For ein del artar veit vi at storleiken er ein viktig kvalitet ved biotopane, eller at mange nok av mindre biotopar ligg nær kvarandre, er viktig for overlevingsevna. Fossekallen treng ikkje å bli borte frå eit landskap dersom ein eller nokre få av fossane eller styrka forsvinn, men med så omfemnande inngrep som planen går ut på i Fjærland, aukar risikoen mykje. Det er farleg for ein art å vere få i talet, av demografiske grunnar. Det er farlegare om det i tillegg er få biotopar igjen som høver for arten, og særleg på grunn av dagens utsikter til endringar av klimaet.

Naturgeografisk høyrer det aktuelle området til tre vegetasjonssoner: Den boreonemorale, den sørboreale og den mellomboreale. I landet er rundt to prosent eller mindre enn det av desse sonene verna. Det er ei vanleg oppfatning mellom fagfolk (mellom anna presentert i eit foredrag av professor Christian Stenseth 4.4.2005 på eit seminar i Oslo om biomangfaldlova at for å ta vare på artsmangfaldet i norsk natur, må vi verne eller på andre måtar hindre skadelege inngrep i fire-fem prosent av areala i kvar sone. For langsiktig overleving er kravet 115-20 prosent. Dette er etter vår oppfatning eit tungt argument mot å gje søkjaren konsesjon.

Konklusjonar

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane meiner etter dette at det ikkje ligg føre eit sakleg grunnlag for å gje søkjaren konsesjon til bygging av dei fem kraftverka og kraftlina. Til det er naturen for storarta og verdfull, det påverka området for stort og føremonane med prosjektet for små.

Den fragmenterte og ufullstendige kunnskapen om naturen i området, og dermed om konsekvensane av prosjekta, er for mangelfull til at utbygging på dette grunnlaget er i samsvar med kravet om kunnskapsbasert naturforvaltning. Ein ansvarleg bruk av føre var-prinsippet tilseier nei til søknadene.

Ein sikker konsekvens er store tap av villmarksprega areal. Dette er ein viktig grunn til at ulempene ved utbyggingane samla sett er svært store. Både sjølve naturverdiane og opplevingskvalitetane i fjordlandskapet er så store at utbyggingane går ut over vårt internasjonale ansvar for å ta vare på det som er særprega i den norske delen av verdsnaturen.

Heilskapen av mykje intakt natur i området, og det at der er lite av større inngrep i området frå før, tilseier etter vår oppfatning av søknaden som heilskap vert avvist. Det er aller viktigast å hindre kraftverka på Lidal og Romøyri, og kraftlina. På grunn av store inngrep frå før ved Berge/Bjåstad er dette den minst skadelege delen av søknaden. Etter ei samla vurdering er det vår oppfatning at også Jordal kraftverk isolert sett vil ha relativt moderate skadar, samanlikna

med dei andre elementa i søknaden. Eit grunnlag for desse vurderingane er at eit eller begge av desse verka let seg realisere utan å byggje den planlagde kraftlina."

Norges Jeger- og Fiskerforbund, Sogn og Fjordane har uttalt i brev datert 31.12.2005:

[...]

"Om NJFF Sogn og Fjordane:

NJFF har sentralt over 110 000 medlemar, og her i fylket har vi 27 lokallag med om lag 3000 medlemar. Vårt fylke er mellom dei med størst potensiale for utbygging av vasskraft i småskala, og våre lokallag vil bli engasjert i størst mogeleg grad for vurdering av konsekvensar aktuelle planar har først og fremst for jakt og fiskeinteresser kringom i fylket.

Generelt om temaet:

(Det vert fremja mange prosjekt for tida, og kvart av desse vert vurdert opp mot konsekvensane desse får/ kan få for ulike sektorinteresser. Eit allereie overbelasta linjenett i vårt fylke fører etter vårt syn med seg behov for ei samordnande planlegging for tilknyting til slike linjenett både på tvers av kommunegrenser og innan regioner. Likedan bør slik planlegging ha for auga at Statnett er i gang med utredning av ei sentrallinje mellom Ørskog og Sogn for å auke leveringstryggleiken på Vestlandet. Linjebygging fører med seg auka press på viltet ved å forstyrre trekkruter, auke fallvilt frå fuglebestandane, endra revira til naturen sine renovatørar, samt skape sår i landskapet. Vurdert isolert sett kan dei mange små prosjekta tilsynelatande gi små ulemper, medan det i sum kan bety store- og avgjerande endringar regionsvis.)

Det same kan seiast om vurderingane av verknader på fiskestammane, der kvar einskild bekk/ elv ikkje blir tillagt særleg betydning for t .d. sjøaurestammen i fjordsystemet. Vi synest ikkje dette er godt nok undersøkt i høve til utbyggingsplanane langs Fjærlandsfjorden - i alle høve ikkje godt nok som underlag for framsetjing av krav om eventuelle kompenserande tiltak.

Dei konkrete planane:

Vi har ikkje hatt høve til å detalj synfare dei ulike utbyggingsalternativa. Det synest likevel aktuelt å sjå nærare på Lidals- og Jordalsprosjekta, som har anadrome strekningar nedst i desse vassdraga. Reduksjon i vassføring i deler av desse vassdraga vil tvillaust medføre endringar i elva sitt "indre liv" med omsyn på massetransport, spyleflaumar/ attgroing av gyteplassar, vassføringar i gytetida o.s.b. Dette er forhold- ofte av avgjerande betydning for produksjonen på anadrom strekning i vassdrag. Desse forholda vil krevje grundigare undersøkingar enn det vert lagt opp til med forenkla sakshandsaming, utan tilstrekkeleg tilgong på ressursar og ekspertise.

For prosjekta i Rommedøla, Hatlestadelvi og BergeBjåstad-vassdraga synest det ikkje vere konflikt mellom utbyggingsplanane og fiskeproduksjon, då desse vassdraga på grunn av oppgangshinder ikkje har produksjon av anadrome artar- ev.utanom ål.

Verknader for viltet i området har vi ikkje tilstrekkeleg underlag for å ha kvalifiserte meiningar om- utover at ei viss fortyrring må påreknast i anleggsperioden.

Andre planar i området

Vi er kjende med at det vert arbeid med fleire småkraftprosjekt lenger inne i fjorden - eit forhold som slik vi ser det aktualiserer ei samordna planlegging av linjeføringar i området samt ein

meir samla vurdering av effektane på fiskestammane som rekrutter i bekkar/vassdrag som drenerer til Fjærlandsfjorden.

Andre tilhøve.

Fjærlandsfjorden og breane er naturelement som inngår i opplevingstilbodet ein satsar på for turismen i Balestrandsregionen. Vi er av den oppfatninga at frie- og frå fjorden godt synlege fossefall i liene ned frå breane representerer opplevingskvalitetar som det ikkje er mange att av. Reduserte vassføringar i slike elvar kan skade heilskapsbiletet av bre og fjordlandskapet kring Fjærlandsfjorden. Særleg gjeld dette Rommedøla, som representerer ein markant kvalitet i landskapsbiletet ved innløpet til fjorden.

Samla vurdering

Sett under eitt vil NJFF Sogn og Fjordane råfrå at det vert gjeve løyve til utbygging av Lidal og Jordal kraftverk. I alle høve bør desse vassdraga utredast grundigare med omsyn på anadrom fiskeproduksjon og biologisk mangfald i desse elvane.

Rommedøla bør etter vårt syn ikkje tape vassføringa si i sommarsesongen av omsyn til heilskapen i landskapsbiletet her.

Vi motset oss ikkje bygging av dei andre verka."

[...]

Fjærland Bondelag har i brev datert 02.11.2005 uttalt:

"I samband med at det er søkt om konsesjon for bygging av fem småkraftverk, (Berge/Bjåstad kraftverk, Lidal kraftverk, Romøyri kraftverk, Jordal kraftverk og Hatlestad kraftverk) langs Fjærlandsfjorden i Sogndal kommune i Sogn og Fjordane, vil årsmøtet i Fjærland Bondelag koma med følgjande , uttale:

1. Bygging av kraftverka vil gje dei involverte gardsbruka inntekter i tillegg til det dei har i dag frå tradisjonelt landbruk. I ei tid då inntektene frå tradisjonelt landbruk er minkande er dette viktig for oppretthaldinga av eit levedyktig og mangfoldig landbruk. Inntektene vil gi dei aktuelle gardsbruka langt betre moglegheit til å utvikle eksisterande næringsgrunnlag på bruka, men og å satse på og utvikle nye næringar. Arbeidsplassane på bruka vil bli sikra. Dette ser Fjærland Bondelag på som positivt.

2. Dei fem vassdraga der det er planlagt kraftverk er i svært liten grad synlege frå fjorden då dei alle går i djupe gjel. I tillegg er vegetasjonen langs alle elvane tett og kraftig. Fjorden som reisemål kan ikkje Bondelaget sjå vil bli forringa av at desse kraftverka blir realiserte. Dei mest synlege elvane og fossane er ikkje omfatta av dei planlagde utbyggingane. Røyrgatene skal gravast ned og naturleg revegetering vil etter få år skjule inngrepet og sikre det biologiske mangfaldet. Produksjon av rein og miljøvenleg energi langs Fjærlandsfjorden samstundes som grunneigarane økonomisk sett vil stå betre rusta til å ta vare på kulturlandskapet med alle sine verdifulle kvalitetar er noko reiselivet truleg kan utnytte i si marknadsføring av Fjærlandsfjorden som reisemål. Fjorden har dessutan potensial til å bli utnytta kommersielt også av andre enn reiselivet.

3. Fallrettar er ein uutnytta ressurs mange gardsbruk og grunneigarar sit på. I ei tid der styremaktene oppmodar grunneigarar å sjå på nye moglegheiter for inntening utanom tradisjonelt landbruk vil bygging av kraftverk gi både inntekter og vera god ressursutnytting.

Grunneigarane avhendar ikkje fallrettane ved ei kraftutbygging, men leiger dei ut til Småkraft a/s. Bondelaget ser på dette som god næringsutviklin.

4. Sogndal kommune vil få skatteinntekter frå desse kraftverka. Dette er inntekter kommunen vil få i alle åra kraftverka er i drift og kan legga inn i sine årsbudsjett og i sine økonomiplanar. Bondelaget ser verdien av at kommuneøkonomien blir styrka.

5. I anleggsperioden vil det bli trong for lokal arbeidskraft, Bondelaget ser på dette som positivt. Dette vil skapa ny aktivitet i bygda.

6. Bondelaget set som ein føresetnad at utbyggingane vert gjort på ein skånsam måte og med dei avbøtande tiltaka som er sette i konsesjonssøknadane

Årsmøtet i Fjærland Bondelag ser positivt på bygging av dei omtalte kraftverka langs Fjærlandsfjorden. Dei positive verknadane for grunneigarane, bygda og kommunen er større enn dei negative sidene utbyggingane vil få."

Bygdautvalet i Fjærland uttalte i brev datert 29.11.2005 følgende:

"Bygdautvalet ser det som avgjerande viktig at ressursane i bygda blir nytta på ein slik måte at det kjem bygda til gode. Vi har drøfta saka i styremøte og viser elles til informasjonsmøte som Småkraft a/s og seinare også Sognekraft har halde her.

I og med den dominerande lokale eigarskapen til fallrettane ser vi den omsøkte utbygginga som eit positivt bidrag til næringslivet i bygda og vil på det grunnlaget tilrå at det vert gjeve til utbygging.

Vi vil likevel peike på nokre tilhøve som vi meiner gir grunnlag for å knyte vilkår til konsesjonen.

Kraftlina som må byggjast for å føre produksjonen ut av bygda skal etter Småkraft sine utsegner dimensjonerast for deira produksjon og ikkje meir. Vi meiner at før lina vert bygt, må det ligge føre ei samla vurdering av heile potensialet for å bygge ut vasskraft i Fjærland. Dersom andre også kjem inn som utbyggjarar, må det vere eit vilkår at utbyggjarane samarbeider om lina. Vi har alt eit kraftverk i bygda som ikkje får nytta ut sitt potensiale fordi det ikkje er nok kapasitet i eksisterande kabel.

Næringslivet i Fjærland er basert på landbruk og turisme. I stort omfang er desse integrert. Fjærlandsfjorden er desutan ei av dei finaste vegane inn til Jostedalen Nasjonalpark. Det må difor under planlegginga leggjast stor vekt på å ta vare på dei naturkvalitetane som fjorden og bygda er kjent for. Dette gjeld både bygging av stasjonane, vassføringsregler for elvane, utløp i sjøen og ikkje minst kraftlina. Helst bør den gå som sjøkabel t.d. frå Rauboti og utetter fjorden."

Fjærland Reiselivslag har i brev datert 28.11.2005 uttalt følgende:

"For å få betre kunnskap om planane har Fjærland Reiselivslag hatt møte 23. nov. 2005 med Småkraft og grunneigarar i de aktuelle områda. Fjærlandsfjorden er av mange sett som den vakraste av fjordane våre, t.d. har turen inn Fjærlandsforden i over 100 år vore den viktigaste dagsutflukten frå Balestrand. Etter at fjordane er plassert på UNESCO si verdsarvliste er interessa for Fjærlandsfjorden ikkje mindre. Fjorden er ein naturleg trase mellom

Nærøyfjorden og Geirangerfjorden. Tekniske inngrep i naturen i dette området må difor skje så skånsamt som muleg.

Vi er ikkje nøgd med den omtalen av naturen og av reiselivet som er gitt i miljørapporten som vedlegg til søknaden om konsesjon. Det er tatt for lett på potensiell skade for reiselivet i området.

I møtet med utbyggerane blei desse punkta diskutert og reiselivslaget har fått forsikringar om at utbyggar er interessert i ein dialog med reiselivslaget under detaljplanlegginga slik at ein kan sikre at alle partar vil vere nøgde med resultatet. På denne bakgrunn vil Fjærland Reiselivslag ikkje gå imot dei føreslegne utbyggjingsplanane.

Det er likevel nokre tilhøve som må vurderast nærare slik at totalløysinga kan framstå som eit praktdøme på korleis denne type kraftutbyggjing kan gjerast. Desse er:

- *Det er naudsynt med krav om at dei nye kraftlinane blir så lite synleg frå sjøen som mogleg. Helst bør det vere sjøkabel frå Rauboti og ut fjorden.*
- *Når det gjeld minstevassføring i elvane må krava utformast slik at det er høve til å justere grensane t.d. kvart femte år.*
- *Kraftstsjonar og vegar må utformast slik at dei forsterkar naturkvalitetane.*
- *Reiselivslaget meiner at Småkraft AS må drøfte med Bygdautval, reiselivslag og grunneigarane gjennomføring av tiltak som kan vere med på å skape ny næringsverksemd dei ulike stadene. Konsesjonssøknaden bør innehalde framlegg til ulike tiltak som er til nytte for ålmenta, t.d. kaier, badeplasser, utsetjing av aure osb. Det er og ønskjeleg at utbyggjar gjennomfører tiltak som er direkte til nytte for Fjærlandssamfunnet.*
- *Fjærland har allereie eit kraftverk som ikkje kan nytte sin kapasitet fullt ut pga. av kapasiteten på linjenettet. I tillegg er det fleire andre stader i Fjærland der det kan vere aktuelt med bygging av kraftverk. Det er difor naudsynt å dimensjonere linjenettet slik at eksisterande, og eventuelle nye, kraftverk kan nytte det linjenettet som er føresett utbygd for dei kraftverka det no er søkt konsesjon for."*

Sognefjord Reiseliv BA har uttalt følgende i brev av 28.11.2005:

"Sognefjord Reiseliv BA er destinasjonselskapet for reiselivet i kommunane Balestrand, Vik, Leikanger og Fjærland i Sogndal kommune. Organisasjonen har som hovudformål å ivareta og utvikle reiselivsinteressene i kommunane , vere vertskap for tilreisande turistar og utvikle infrastrukturtiltak i området.

Sognefjord Reiseliv BA er kjende med utbyggingsplanane av småkraftverk i Fjærlandsfjorden og bygging av ny kraftledning langs Fjærlandsfjorden i Sogndal og Balestrand kommunar. For at reiselivet skal få halde på sin identitet og at reiselivet skal få gode vekstmoglegheiter i framtida, ynskjer Sognefjord Reiseliv BA at utbygginga skal skje så skånsomt som råd er for å ivareta naturperla Fjærlandsfjord.

Reiselivet har lange tradisjonar på Vestlandet, og spesielt i Balestrand og Fjærland har reiselivet hatt ein sentral plass og vore til glede for mange heilt tilbake til 1800 - talet med besøkjande frå inn- og utland. Turen på Fjærlandsfjorden har vore av stor verdi for utviklinga av reiselivstilbodet. Fjordturen og naturopplevelsane ved og på breen i Fjærland har vore det store høgdepunktet for eit tusentals turistar i mange, mange år. I dag er rundturen den mest

selde og mest populære dagsturen frå Balestrand , og også ein svært attraktiv dagstur frå Bergen. Fjærlandsfjorden vert i dag også besøkt av kajakkpadlarar som vil oppleve det fantastiske naturlandskapet. Kajakkfirmaet Moreld har etablert seg i Balestrand og legg opp til framtidige utflukter. Om sommaren er også fleire små og store cruiseskip på veg inn fjorden.

Fjordane på vestlandet vart av National Geographic Magazine kåra til verdas best bevarte reisemål. Ikkje utan grunn , sidan me her finn noko av dei vakraste fjordane i verda med levande fjordbygder. I år vart Nærøyfjorden saman med Geirangerfjorden nominert til å stå på UNESCO si verdsarvsliste. Dette seier oss noko om våre norske fjordar i verdsmålingar. I tillegg vart Fjærland kåra til Norges beste reisemål i magasinet " Reiser og Ferie ".

Geoturisme er eit begrep som vekkjer stor merksemd innan turismen i Europa. Norge er vorte eit foregangsland på dette feltet og er blant dei første i verda som har forplikta seg til å satse på geoturisme , og dermed utvikle reiselivet på ein slik måte at det får utvikle sin eigenart. Lokalt ser me verdien av geoturisme for vår destinasjon - unike stader , flora og fauna, vakre landskap og tradisjonell arkitektur. Dette tema er me opptekne av , og har tru på at me har kvalitetar det kan satsast på.

Sognefjord Reiseliv er opptekne av at Fjærlandsfjorden i framtida får opplevast som ei unik, uberørt og fredfull fjordperle , og som får leva vidare som ei av dei vakraste ! Dei små grendene , fossefalla og vegetasjonen må for all del ikkje øydeleggast og måtte lide under nye , synlege inngrep i dette særeigne fjordlandskapet som møter brebygda.

Sognefjord Reiseliv og reiselivsnæringa i Balestrand, Vik, Leikanger og Fjærland vil ikkje gåi mot utbygginga, men det må leggast stor vekt på følgjande krav :

- *Den unike Fjærlandsfjorden må bevarast på best mogleg måte.*
- *Alle 22 kV, 132 / 66 kV kraftoverføringar må leggast i kabel langs fjorden.*
- *Transformatorstasjonen og brytaranlegga må utformast slik at dei fell naturleg inn i eksisterande naturlandskap og bebyggelse. (t.d. innebygd SF6-anlegg)*
- *Minstevannsføringa må vere så stor at elvar som er synlege frå fjorden framleis må sjå naturlege ut. Dette må tilpassast kvart einkelt vassdrag. Perioden for minstevannsføring må vere i perioden frå 1.5. til 30.9. kvart år.*
- *Kraftverka og røyrgater må utformast slik at dei fell naturleg inn i eksisterande naturlandskap og bebyggelse.*
- *Anlegg og byggeperioden må vere mellom 1.oktober og 1. mai.*
- *Ny næring langs fjorden må ikkje skje på bekostning av eksisterande reiselivsnæring."*

Fjærland Senterparti har i brev av 01.12.2005 uttalt følgende om kraftverksplanene og linjesøknaden:

"Fjærland Senterparti er positive til den verdiskaping ei utbygging av desse vassdraga vil medføra og har ikkje merknader til dei framlagde planane vdr. kraftverka.

Til søknaden om kraftleidning langs Fjærlandsfjorden har Fjærland Senterparti fylgjande merknad:

I Fjærland er det fleire vassdrag som kan vera aktuelle å byggja ut. Pr. i dag pågår det ei registrering / vurdering av desse vassdraga.

Senterpartiet meiner at ei ny kraftleidning må ha tilstrekkeleg kapasitet til å ta imot framtidige utbyggingar i bygda.

Fjærland Senterparti har ikkje merknad til dei to trasevala for kraftleidning langs fjorden."

Eline Orheim har i brev av 01.12.2005 uttalt følgende:

"Eg viser til Småkraft AS sin søknad om bygging av fem kraftverk i Fjærland i Sogndal kommune, og har følgjande merknader til søknaden:

Interessa for fjordlandskap er aukande, og mange oppfattar Fjærlandsfjorden som ein spesielt vakker fjord. Dette er eit omdømme som er bygd opp over lang tid og gjennom over 100 år med aktivt reiseliv. Underteikna driv kulturlandskapsprosjektet "Spons ein sau" i Fjærland og er oppteken av at natur- og kulturkvalitetane langs Fjærlandsfjorden ikkje skal verta forringa gjennom ei kraftutbygging. På bakgrunn av dette ber eg om at følgjande vert vektlagt i handsaming av søknaden frå Småkraft AS:

- *Det bør stillast krav om at Småkraft AS må samarbeide med Bygdautvalet og Reiselivslaget i detaljplanleggingsfasen slik at ein sikrar informasjonsutveksling mellom Småkraft AS og næringsinteresser som vert berørt av utbygginga. Slik kan ein få til ein lokalt tilpassa utbygging.*
- *Tekniske inngrep i naturen må skje på ein berekraftig og framtidsretta måte.*
- *Det må vurderast om alle nye kraftlinjer kan gå i jord- eller fjordkabel.*
- *Dersom dette ikkje er teknisk gjennomførbart, bør det inn som eit krav at linjer på land bør vere så lite synlege frå sjøen som mogleg.*
- *Støy og støyskjermingstiltak må vurderast i samband med plassering og utforming av kraftverka. Lydbølgjer reiser langt over vatten og Fjærlandsfjorden er i utgangspunktet eit stille område med lite menneskeskapte lyder."*

Inge Rauboti har i brev av 01.12.2005 uttalt følgende på vegne av seg selv og Johannes Rauboti om de fem kraftverkene:

[...]

"Undertegnede er begge vokst opp i Rauboti ved Fjærlandsfjorden og har derfor meget god kjennskap til de lokale forhold i utbyggingsområdene.

Virkninger på natur og reiseliv

De fleste planlagte kraftverkene ligger i områder med spredt bebyggelse og for et par av områdene er det fastboende normalt bare i deler av året. For to av kraftverkene er det heller ikke veg fram. Det er derfor for de fleste besøkende sitt vedkommende mest aktuelt å se landskapet langs Fjærlandsfjorden fra fjorden. Det viser seg da at de elvene som er planlagt utbygd ikke er særlig synlig fra mange posisjoner langs fjorden.

De inngrep som er nødvendig for å realisere disse kraftverkene vil naturlig nok måtte bli noe mer synlig for de som beveger seg i naturen lokalt på disse stedene, men dette er stort sett områder med et svært lavt antall besøkende pr år. Det antas heller ikke at områdene vil bli forringet som turmål og rekreasjonsområder i særlig grad.

Virkninger på bosetting

Det er som nevnt spredt bebyggelse langs Fjærlandsfjorden og antallet beboere har blitt redusert en god del den siste generasjonen. Det er vanskelig å finne grunnlag for drift på de til dels små og tungdrevne gårdsbruk langs fjorden. Kraftverkene vil i så måte ha positive ringvirkninger. For det første er det ganske mange grunneiere som vil få inntekter basert på den modellen Småkraft AS har valgt for leie av fallrettigheter fra grunneierne. Dette er viktig for at det skal kunne opprettholdes drift på disse stedene. I tillegg til dette vil den planlagte nettinvesteringen bidra til betydelig bedret leveringskvalitet i området. Dette vil virke svært positivt for de som ønsker å fortsette å bo langs fjorden.

[...]

Konklusjon

Etter vår oppfatning er ulempene ved den omsøkte utbyggingen små. På den andre siden synes det å være betydelige positive effekter lokalt samtidig som en utbygging bidrar til å nå nasjonale målsettinger innen etablering av ny fornybar energiproduksjon.

Dersom det gis konsesjon, blir Fjærland et kraftsenter hvor det er ytterligere potensiale for utbygging med små negative virkninger. En omfattende nettinvestering som her planlegges, bør derfor utføres slik at det kapasitetsmessig ikke stenger for framtidige utbygginger. Herunder synes det mest riktig at Sognekraft som områdekonsesjonær også har konsesjon på den omsøkte kraftledningen.

Ut fra en samlet vurdering vil vi anbefale at konsesjon innvilges for de omsøkte utbyggingene og at 132 kV alternativet velges for kraftledningen langs Fjærlandsfjorden."

Fallrettighetshavere til Berge/Bjåstad, Lidal, Romøyri, Jordal og Hatlestad har i brev av 29.11.2005 uttalt følgende:

Som fallrettshavarar til dei fem planlagde småkraftverka langs Fjærlandsfjorden i Sogndal kommune i Sogn og Fjordane ynskjer vi å gi vårt syn på utbygginga av desse fem småkraftverka som no er inne til konsesjonshandsaming.

Tilhøva i desse grendene langs fjorden er nokså ulike. Nokre omfattar bruk som er i drift, andre er nedlagde. Nokre er veglause, og vi finn ulik grad av fast busetnad. Argumenta vil difor variera, men for prosjekta samla må ein kunne slå fast at Fjærlandsprosjekta skapar ny optimisme i ein region som for tida er hardt pressa både når det gjeld næring og det å halde oppe lokale skuletilbod. Nye inntektskjelder vil kunne skapa ulike positive ringverknader i området. Vi vil difor først sjå på kvart einskild krafverkssprosjekt og gje vår vurdering av desse.

Til slutt i denne uttalen vil vi gi ei oppsummerande vurdering av dei positive følgjene desse fem prosjekta samla kan få for både grunneigarar og lokalsamfunn.

[...]

Lidal kraftverk.

Grenda

Lidal er ei veglaus grend på austsida av Fjærlandsfjorden. Det er ingen fast busetnad i grenda. Om sommaren vert husa nede ved fjorden nytta som feriehus.

Lidal blir i dag nytta som beite for sau og det er lite ferdsel i området. Det er ingen utleigehytter for turistar i Lidal.

Stigane som går frå fjorden og til fjells blir haldne opne av beitedyra i kombinasjon med at eigarane av beitedyra kvart år ryddar stigane for tre som har falle ned om vinteren. Innmarka nede ved fjorden og stølsvollane blir i dag haldne opne gjennom beitebroken i området.

Anlegget

Lidal kraftverk skal nytta vatnet frå Kvanndøla og Breiseteelvi, siste kilometeren ned til fjorden har desse elvane felles løp. Begge elvane og samløpet går i djupe gjel. Fossen over inntaket i Kvanndøla er synleg frå fjorden. Nede ved fjorden i samløpet kan ein sjå ein foss når elva er stor i snøsmeltinga om våren og i samband med store nedbørsmengder om hausten. På begge sider av samløpet er det stig opp til stølane i området. Elva er kun synleg nokre få stader langs stigane på begge sider av elva.

Inntaka i både Breiseteelvi og Kvanndøla vil bli lite synlege. Berre når ein kryssar Breiseteelvi ved stølen Breisete er det mogleg å sjå inntaket, og når det gjeld Kvanndøla må ein heilt opp til staden der inntaket skal plasserast for å sjå det. Kvanndalen har praktisk talt ingen ferdsel.

Kraftstasjonen kjem nede ved fjorden og røyrgata skal gravast ned og vil ikkje vera synleg.

Miljøomsyn

I konsesjonssøknaden er det føresett minstevassføring slik at det også etter ei utbygging vil vera mogleg å sjå elva på dei få plassane ein ser ho i dag. Norddøla er ei sideelv til Kvanndøla, ho renn inn i Kvanndøla eit stykke nedanfor det planlagde inntaket. Denne elva er ikkje med i utbyggingsplanane og vil tilføra elveløpet same mengder vatn som ho har gjort tidlegare.

I følgje konsesjonssøknaden vil ei kraftutbygging "føre til bortfall av inngrepsfrie områder i både sone 1, sone 2 og villmarkspregede områder." Kva som er inngrepsfrie soner og villmarksprega områder er ein juridisk term som seier noko om kor langt det er til næraste inngrep av ein viss storleik. Sjølv om deler av det området som Lidal kraftverk ligg i kan definerast som inngrepsfrie soner 1 og 2 og villmarksprega område juridisk sett, er det på ingen måte eit område som er urørt av menneskehand. Heilt fram til midten av 1980-talet vart det drive gardsbruk i Lidal. Stølsdrift har det vore i dette området i generasjonar. Heile trasstien, frå inntaka i henholdsvis Kvanndøla og Breiseteelvi, ber preg av at ressursane i området har vore utnytta, innmark til slått, våningshus og fjøs, stølsvollar og stølshus. Under krigen vart det teke ut 750 famnar ved i regi av Bergen kommune. På slutten av 1950-talet var det omfattande planting av gran på begge sider av fellesløpet. Alt dette viser at inngrepa frå menneska si side har vore langvarig og framleis er godt synlege i Lidal.

Kulturminna i Lidal er knytt til tidlegare tiders jordbruksdrift. Inntaka i Kvanndøla og Breiseteelvi er ikkje i berøring med kulturminner i det heile.

Røyrgata vil i liten grad koma i berøring med kulturminner. Her kan det truleg gjerast tilpassingar/justeringar av trasstien dersom ein kjem i konflikt med kulturminner. Kraftstasjonen vil heller ikkje koma i konflikt med kulturminner. Denne vil også liggje så langt frå eksisterande bebyggelse ved fjorden og lagt slik i terrenget at brukarane av ferie- og fritidshusa ikkje vil sjå han eller merka støy frå han.

Kulturminna i Lidal er ikkje av unik karakter, men kulturminner av same type finn ein i alle dalar både i Fjærland og andre stader på Vestlandet. Breisetedalen vil ikkje i det heile bli berørt av utbygginga, det vil heller ikkje vera mogleg å sjå inntak, røyrgatetrasse eller kraftstasjon derifrå. Kvanndalen vil heller ikkje skjemmast av kraftutbygginga. Inntaket vil liggja heilt nederst i dalen.

[...]

Moglege positive følgjer av kraftutbyggingane.

Det er fleire grunnar til at vi som grunneigarar ser positivt på utbygging av dei fem planlagde kraftverka langs Fjærlandsfjorden.

Skånsam utbygging

Det vil bli ei skånsam utbygging der det vert teke omsyn til naturen og miljøet. Dette er noko Småkraft a/s gjennom heile prosessen har understreka og vi grunneigarar har ynskt. Nedgravne røyrgater, inntak (ikkje oppdemming) og kraftverkstasjonar som er pent utforma og plassert i terrenget på ein lite dominerande måte vil ikkje skjemma landskapet. Kraftverkstasjonane vil ikkje stå tilbake for noko av den bygningsmassen ein finn på dei aktuelle stadene i dag.

I utbyggingsperioden vil det sjølvsagt bli sår i terrenget der røyrgatene går, men dette vil etter få år gro til med stadlege vegetasjonen. Mindre vassføring i elvane vil ikkje få negative følgjer for natur og miljø då alle desse går i djupe gjel (slik som påpeikt ovanfor) og vegetasjonen i svært liten grad får tilført vatn frå desse elvane. I Romøyri vonar ein at kraftutbygginga og kan omfatta elvesikring av ei farleg elv som i nyare tid har teke tre bruer.

God næringsutvikling

Landbruket har i fleire år slite med minkande lønsemd og inntekter.

Styremaktene har oppfordra grunneigarar til å utnytta dei ressursane bruka har for å få fleire bein å stå på. Fallrettar er ein ressurs fleire grunneigarar på Vestlandet har. Inntekter frå utleige av fallrettane vil vera ei kjærkomen påplussing av inntektene frå gardsbruka. Dette vil vera inntekter gardbrukarane ikkje må nytta verdifull tid til å skaffa seg. Tilsvarande inntekter frå løna arbeid utanfor gardsbruket legg band på den beste arbeidstida.

I Lidal vert det bygd kai og anleggsveg oppover lia, desse vil tilfalla grunneigar vederlagsfritt etter anleggsperioden. Både kai og anleggsveg vil vera avgjerande for å gjera uttak av grantømmer (mellom 5000 og 9000 kubikkmeter) lønsam. Kai vil dessutan gjera transporten av sau til og frå Lidal enklare og meir effektiv enn det den er i dag. Tilkomsten til fjellet og beiteområdet vil bli lettare med anleggsveg oppover lia.

I Romøyri kan det byggjast moloar for å hindre at uvær og stormflo skadar murar og naust, og gjer tilkomsten betre og sikrare. Ei utbygging av Rommedøla vil også sikre Romøyri straum for framtida, og sikker tilgang på straum er avgjerande for all næringsutvikling. Straumforsyning vil også vera avgjerande for om det framleis vil vera busetnad i Romøyri store delar av året. Kraftinntektene vil gjera det interessant å overta desse bruka og eigedomane i framtida og drive dei og halde dei ved like. Inntektsgrunnlaget vil vera avgjerande for om bruka blir nedlagde eller drivne vidare. Eksisterande næringar kan utviklast vidare både innanfor tradisjonelt landbruk og tilleggsnæringar slik som utleigehytter for turistar i Jordal og på Homrane.

Hyttetilbodet kan utvidast og utviklast vidare med nye tilbod. Grunneigarane vil med desse inntektene også vera i stand til å investera i nye næringar og gjera bruka meir allsidige i sitt nærings- og inntektsgrunnlag.

Vi som grunneigarar er sjølvsagt opptekne av at neste generasjon skal ha eit godt økonomisk fundament å byggja vidare drift på. Dette vil også vera med på å hindre fråflytting frå bygda.

Oppretthaldinga av kulturlandskapet

Kraftutbyggingane vil gje grunneigarane inntekter. Grunneigarane har både bygningar, innmark og utmark i dei områda kraftverka er planlagde. Det er knytt store utgifter til både stell og vedlikehald av eigedomane. I dei to veglause grendene Lidal og Romøyri er dette vedlikehaldet særs ressurskrevjande.

Inntektene kraftverka vil gje, vil vera viktige for både noverande og framtidige eigarar og deira skjøtsel av eigedomane. Kulturlandskapet langs Fjærlandsfjorden er truleg noko alle reisande på fjorden set stor pris på. Kraftinntektene til grunneigarane vil vera med på å sikre at dette kulturlandskapet også i framtida vil glede turistar og andre som ferdast på fjorden. Ved at kraftutbygging sikrar inntektene på gardane, aukar sannsynlegheiten monaleg for at det framleis vert drift på gardane i neste generasjon. Dette er spesielt viktig for sauebruka utover langs fjorden. Drift på desse gardane er heilt avgjerande for oppretthalding av kulturlandskapet. Bruka er etter måten små og brattlendte bruk i motsetnad til bruka lenger inne i bygda.

Tilføring av økonomiske ressursar i form av kraftinntekter vil gjera bruka levedyktige i framtida og det vil vera med på å oppretthalda ein variert bruksstruktur i bygda.

Dei fallrettshavarane som nyttar eigedomane sine til fritidseigedomar har lagt ned eit stort arbeid og mykje pengar på å halde desse pene og velstelte. Dei er alle sterkt knytta til desse eigedomane. Kraftinntektene vil også gje desse grunneigarane langt betre moglegheiter til å halde både bygningar og kulturmark i god stand.

Miljøvenleg ressursutnytting

Produksjon av elektrisk kraft ved å utnytte vassressursane i elvane er ein miljøvenleg energiproduksjon og spesielt ureinar vi dette må gjelde småkraftverk. Lars Sponheim støttar oss i dette synet, då han under opninga av det første kraftverket til Småkraft a/s. peika på at småkraftverk var både billig og grøn energi og ei satsing på dette var difor god miljøpolitikk. (Bondebladet nr. 43, 21. oktober 2004, s. 7) Vassressursane er fornybare og det vatnet ein brukar til produksjonen av elektrisk kraft blir ikkje fjerna, i desse tilfella, frå fjorden. Fjorden får tilført like mykje ferskvatn med eller utan kraftverk.

I ei tid der det ofte vert retta fokus på at grunneigarane må utnytta dei ressursane dei rår over for å betre inntektsgrunnlaget er kraftutbygging ei god ressursutnytting i så måte. Elektrisk kraft er ei etterspurd vare det er lett å omsetja.

Positivt for reiselivet

Miljøvenleg kraftproduksjon langs Fjærlandsfjorden kan også utnyttast i positiv lei av reiselivet i området. Fjærlandsfjorden vil stå som ein meir levande fjord der ressursane langs fjorden blir brukt på ein skånsam, men effektiv måte. Produksjon av rein og miljøvenleg energi meinar vi vil vera av interesse for mange turistar.

Dei mest synlege og spektakulære elvane og fossane vil stå urørde og gi dei synsinntrykka turistane ynskjer. Dette er elvar som også i framtid truleg er lite aktuelle for utbygging.

Vi meiner at fjorden har potensiale til kommersiell utnytting av både reiselivet og grunneigar-interesser utan at desse kjem i konflikt med kvarandre. Reiselivet har i stor utstrekning vore avhengig av landbruket for å selja fjordNoreg til turistar. På den andre sida kan landbruket og andre dra vekslar på turismen i form av utleigehytter og andre tilbod turistane etterspør.

Inntekter til kommunen

Kommunen vil få skatteinntekter frå kraftverka. Småkraft a/s har stipulert skatteinntektene til tre millionar kroner, fordelt på eigedomskatt, inntektsskatt frå grunneigarane og naturressursskatt. Skatteinntektene til kommunen vil vera årvisse inntekter som kan leggjast inn i kommunen sine langtidsplanar. Desse inntektene vil koma alle i kommunen til gode gjennom tenesteproduksjonen.

Gode røynsler med kraftutbygging

I Jordal har grunneigaren røynsle med kraftutbygging og dei røynslene er positive. Utbygginga førte til at grenda fekk veg. Veg til grenda gjorde det mogleg å satsa på utleigehytter til turistar i eit heilt anna omfang enn tidlegare. Utan veg ville det vore tvilsamt om det hadde vore fast busetnad i Jordal i dag.

Jordalsdalen har vorte eit område mange ferdast i i dag nettopp fordi tilkomsten til Jordal er lett.

Oppsummering

Dei positive sidene ved utbygging av dei fem småkraftverka langs Fjærlandsfjorden er mange. Fallrettshavarane vil få inntekter som, etter vår meining, vil vera viktig for den einskilde og deira næringsutøving og kulturlandskapsskjøtsel. Kraftutbygging vil både sikre eksisterande og gjennomføre nye infrastrukturtiltak med viktig funksjonar for næring og busetnad. I tillegg vil lokalsamfunn og kommune kunne nyte godt av ringverknadene frå kraftverka i mange år.

Ingen energiproduksjon skjer utan kostnader og negative verknader på natur og miljø. Slik er det åg med vasskraft. Miljørapportane til konsesjonssøknadane legg heller ikkje skjul på dette. Men ulempene kraftutbygginga medfører er etter måten små sett i forhold til gevinstane ved rein energi, positive ringverknader og ny optimisme i lokalmiljøet. Endringane i fjordlandskapet vil etter kort tid ikkje merkast i nemneverdig grad av korkje fastbuande eller tilreisande. Dei avbøtande tiltaka er med på å sikre at det vert ei utbygging som tek omsyn til den særprega naturen.

Vi vil på bakgrunn av dette tilrå at det vert gitt konsesjon for bygging av dei fem planlagde småkraftverka langs Fjærlandsfjorden.

Jan Arve Tollefsen uttaler i brev av 04.10.2005

"Jeg er en av grunneierne i Lidal og har godtatt bygging av kraftverk, men når jeg ser det søkes om å tørrlegge elva høst vinter og vår, må jeg protestere. Det jeg ble forespeilet ved kontraktsinngåelse var en permanent minstevannføring ved fast utløp i bunnen av demningen. Det Småkraft nå søker om er minstevannføring kun om sommeren, og det mener jeg vil være galt for miljøet i og ved elva, samt bruken av elva når det gjelder drikkevann. Mine innsigelser er som følgende.

Uten minstevannføring om vinteren blir det antagelig ikke vann nok for bebyggelsen ved elva. Erfaringsvis er det nå knapt med vann utpå vinteren, og selv om Småkraft sørger for vannforsyning til bebyggelsen ved fjorden, hva med bruks nr 165 5 som ligger ved kote 400? Der er Kvanndøla eneste vannkilde når brønnen er tom som følge av tørre / kalde perioder.

Uten vannføring vinterstid vil Fossekallen miste sitt livsgrunnlag, en art Småkraft betviler hekker i elva, men jeg er mer enn villig til å vise de tar feil hvis de ville følge elva med meg 3-400 meter. Gjerne i Juli, da de selv ikke hadde observert Fossekall ved sin befaring sommerstid.

Det er også en stedegen ørretstamme i elva som vil miste sitt livsgrunnlag, den har ingen økonomisk betydning men har gitt mange fine fisketurer for barn og voksne.

Det er nok mange arter kjente og ukjente som vil forsvinne ved manglende vannføring vinterstid, så jeg har mistet tilliten til Småkraft som en miljøvennlig utbygger. Det synes som de mener miljøhensyn er kun kosmetisk.

Håper mine bekymringer ved konsesjonssøknaden blir vurdert ved konsesjonsbehandlingen."

Torill Lidal uttaler i brev av 09.11.2005

"På vegne av en del berørte brukere av fritidsplassen Lidal, har vi noen innsigelser til konsesjonssøknaden:

Plassering av kraftstasjonen.

Dette er et punkt som har blitt endra på fleire ganger under planleggingen. Fra Innom elvi til Lindeviki og til nå endelig plassering, like utved Møsebui.

Dette er ein plassering som vil berøre mange og sjølve kjernen av fritidsplassen. Samlingsplassen er sjølvsagt ved sjøen der alle samlast til bading, grilling, båtliv og vannaktiviteter. Ved denne plasseringen vil denne idyllen bli ødelagt av følgende:

Støy fra stasjonen
Kaianlegg, anleggstrafikk, og båttrafikk nesten midt i badevika
Utsikt ut fjorden, spesielt for ei hytte.

Ved å flytte stasjonen ut at til Lindeviki, vil det bli minst sjenanse for alle, og minst inngrep i naturen da det vil bli lagt i ytterkant av dyrka mark.

Vannforsyning

Det er brukare av drikkevann frå elva ifra mars til november. Kva med vatn under utbygging og etterpå? Eventuelt borevann? Ikkje alle har innlagt strøm. Samt om elva vert tørrlagt kva med livet i elva da? Fisk og fugl? Er det muleg å få no utgreiing på dette?

Som sagt er vi en del grunneiere som ikke er deltagere av utbygginga men er samtidig absolutt berørt av det som skal skje. Vi savner informasjon, og ønsker å bli hørt."

Søkers kommentarer til høringsuttalelsene

Søker har i brev av 11.05.2007 kommentert de innkomne høringsuttalelsene slik:

> *"**Bakgrunn***
>
> *Vi viser til Deres brev av 6. januar 2006 der De ber om Småkraft AS sine kommentarer til mottatte høringsuttalelser vedrørende konsesjonssøknadene for 5 kraftverk i Fjærland, Sogndal kommune, Sogn og Fjordane fylke.*
>
> *De enkelte kraftverkene er; Lidal, Hatlestad, Berge/Bjåstad, Romøyri og Jordal.*
>
> *Fellesuttalelser for alle kraftverk:*
>
> 1. *Fjærland Bondelag, 2. november 2005*
> 2. *Fjærland Reiselivslag, 28. november 2005*
> 3. *Sognefjord Reiseliv BA, 28. november 2005*
> 4. *Fallrettshaverne, 29.11 2005*
> 5. *Bygdautvalet i Sogn og Fjordane, 29. november 2005*
> 6. *Inge Rauboti, 1. desember 2005*
> 7. *Eline Orheim, 1. desember 2005*
> 8. *Fjærland senterparti, 1. desember 2005*
> 9. *Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane, 2. desember 2005*
> 10. *Sogndal kommune 16. desember 2005*
> 11. *Sogn og Fjordane Turlag, 17. desember 2005*
> 12. *Norges Naturvernforbund, 19. desember 2005*
> 13. *Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, 20. desember 2005*
> 14. *Norges Jeger- og Fisk – Sogn og Fjordane, 31.desember 2005*
> 15. *Sogndal kommune, 26. januar 2006*
> 16. *Sogn og Fjordane fylkeskommune, 6. februar 2006*
> 17. *Rolf Romøren, 23. februar 2006*
> 18. *Den Norske Turistforening, 31. august 2006*
> 19. *Sogndal kommune, samla vurdering 18. desember 2006*
> 20. *Sogndal kommune, strandsoneanalyse, 31. januar 2007-02-15*
> 21. *Sogn og Fjordane fylkeskommune, 1. februar 2007*
>
> *De enkelte kraftverk:*
>
> *Lidal:*
>
> 22. *Jan Arve Tollefsen, 4. oktober 2005*
> 23. *Torill Lidal, 9. november 2005*
> 24. *Statens Vegvesen, 17. desember 2005*
> 25. *NVE, e-post og muntlig meddelelse 27. april 2007*

[...]

Småkrafts kommentarer til de enkelte uttalelsene:

FELLESUTTALELSER:

1. Fjærland Bondelag, 2. november 2005

Uttalelse:

Bondelaget støtter planene. En utbygging vil ha positive sider; opprettholdelse av levedyktig og mangfoldig landbruk, vil ikke forringe fjorden som reisemål, vil styrke kommuneøkonomien, skaper aktivitet og trenger lokal arbeidskraft i anleggsperioden, leie og ikke avhendig av fallrettigheter er positivt og god næringsutvikling.

Småkrafts kommentarer:

Småkraft er takknemlig for støtten og er enig i uttalelsen.

2. Fjærland Reiselivslag, 28. november 2005

Uttalelse:

Krav om at kraftlinje blir så lite synlig som mulig fra fjorden. Helst ønskes sjøkabel.
Justering av minstevannføring f. eks hvert 5. år.
Kraftstasjoner må utformes slik at de forsterker naturkvalitetene.
Småkraft må drøfte med bygdeutvalg, reiselivslag og grunneiere om tiltak for å skape ny næringsvirksomhet og ønsker at utbygger gjennomfører tiltak for direkte nytte i bygda.
Linjenettet må dimensjoneres for å ta imot kraft fra eksisterende og nye kraftverk i Fjærland.

Småkrafts kommentarer:

1. *Kommenteres under egen linjesøknad.*
2. *Justering av vilkår ønskes normalt ikke da en ønsker forutsigbarhet.*
3. *Småkraft ønsker at kraftstasjonene skal virke berikende i størst mulig grad. Arkitekten vil derfor ha sterkt fokus på dette.*
4. *Småkraft er i utgangspunktet positive til dette, men vil se an antall konsesjoner og konsesjonsbetingelser først.*
5. *Linjenettet vil ta hensyn til mulige andre kraftverk.*

3. Sognefjord Reiseliv BA, 28. november 2005

Uttalelse:

De går ikke imot utbygging men har visse krav/ønsker:

1. *Fjærlandsfjorden må bevares på en best mulig måte..*
2. *All kraftoverføring må skje gjennom kabel langs fjorden.*
3. *Transformatorstasjon og bryteranlegg må utformes slik at de faller naturlig inn i eksisterende naturlandskap og bebyggelse.*
4. *Minstevannføring 1.5 – 30.9.*
5. *Kraftverk og rørgate må utformes slik at de faller naturlig inn i eksisterende landskap.*
6. *Byggeperiode mellom 1. oktober og 1. mai.*
7. *Ny utvikling må ikke skje på bekostning av eksisterende reiselivsnæring.*

Småkrafts kommentarer:

1. *Småkraft vil gjøre sitt beste.*
2. *Sjøkabel hele veien ut blir for dyrt.*
3. *Småkraft vil gjøre sitt beste.*
4. *Viser til andre punkt om vannslipping.*
5. *Småkraft vil gjøre sitt beste. NVE vil godkjenne det hele.*
6. *Ønsket noteres, men vil bli vanskelig å gjennomføre av klimatiske grunner.*

7. *Enig.*

4. Fallrettshaverne, 29.11 2005

Uttalelse:

- *Fallrettshaverne oppsummer sine synspunkter på utbyggingene; skånsom utbygging, miljøhensyn, god næringsutvikling, opprettholdelse av kulturlandskap, miljøvennlig ressursutnyttelse, positivt for reiselivet, inntekter til kommunen og gode erfaringer med kraftutbygging..*

Småkrafts kommentarer:

- *Småkraft stiller seg bak notatet og ber NVE å studere det nøye.*

5. Bygdautvalet i Sogn og Fjordane, 29. november 2005

Uttalelse:

Utvalet tilrår utbygging og mener utbygging er positivt for næringslivet i bygda. Kraftlinja bør være stor nok til at andre kraftverk kan koble seg på. I tillegg må planleggingen sørge for at naturkvalitetene tas vare på.

Småkrafts kommentarer:

Småkraft takker for støtten og vil imøtekomme ønskene.

6. Inge Rauboti, 1. desember 2005

Uttalelse:

En utbygging gir små ulemper, men betydelige positive effekter lokalt og nasjonalt. Linja ut må få nok kapasitet for fremtidige utbygginger. Sognekraft AS bør være eier av utgående linje.

Småkrafts kommentarer:

Enig.

7. Eline Orheim, 1. desember 2005

Uttalelse:

- *Det må stilles krav om samarbeide med Bygdautvalet og Reiselivslaget*
- *Inngrep må skje på en bærekraftig og fremtidsrettet måte.*
- *Vurdere om alle nye linjer kan gå i jord eller sjø (alternativt så lite så lite synlig fra sjøen som mulig).*
- *Støyhensyn må tas.*

Småkrafts kommentarer:

Dette vil bli hensyntatt.

8. Fjærland senterparti, 1. desember 2005

Uttalelse:

Partiet er positive til planene og den verdiskapningen en utbygging medfører. En kraftledning må ha nok kapasitet til å håndtere andre kraftverk.

Småkrafts kommentarer:

Enig.

9. Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane, 2. desember 2005

Uttalelse:

1. *Påpeker at området er et av få ved Sognefjorden uten større tekniske inngrep. Det har stor opplevelsesverdi og inneholder kulturminner. Norske fjorder er kåret som beste reisemålet i verden.*
2. *Søknaden; tap av INON presenteres.*
3. *Om konsekvensvurderingene; kritiske kommentarer til disse.*
4. *Om virkningene for landbruket; påpeker at Lidal er fraflyttet, at gode inntekter ikke nødvendigvis innebærer godt vedlikehold av bygninger og kulturlandskap, bygdeøkonomisk plan savnes.*
5. *Om avveining i konsesjonsspørsmålet; fordeler kontra ulemper, Fjærlandskraften vil bidra med promiller av total norsk vannkraftproduksjon, mens tap vedrørende allmenne interesser er betydelige mm.*
6. *Konsekvenser for naturen og landskapet; uberørtheten påpekes og at naturen og landskapet vil bli skadelidende, INON reduksjon, underrapportering i miljørapportene.*
7. *Konklusjon; ikke saklig grunnlag for å gi konsesjon. Det er viktigst å hindre Lidal, Romøyri og kraftlinja. Berge / Bjåstad er minst skadelig og Jordal gir moderate skader.*

Småkrafts kommentarer:

1. *Småkraft er enig i at området er vakkert, men mener at foreslåtte utbygginger kan foretas uten at inntrykket og opplevelsen blir forringet.*
2. *Det bemerkes at INON - kartet ikke er oppdatert (linje mangler) og at Lidal (selv med en del vei) og Romøyri ikke er regnet som større tekniske inngrep etter DNs definisjon. Det er heller ikke masta ved Lidal og 22 kV linjer (selv ikke luftspenn). Topografien er heller ikke hensyntatt. Småkraft mener at NVE må se bak tallene når de vurderer konsekvensene. Overlapping av INON mellom Lidal og Romøyri er ikke tatt hensyn til. Dessuten vil foreslått linje gjennom Grindsdalen "ta" det meste av INON området. Det vil derfor være galt å belaste kun Lidal og Romøyri med INON konsekvensene.*
3. *NVEs retningslinjer er fulgt og konsulentene har sett det hele i sammenheng.*
4. *Lidal er fraflyttet, men sauedrift foregår. En utbygging vil bedre disse forholdene. Flere av fallrettshaverne viser til at de vil bruke midler på vedlikehold, bygging av utleiehytter, tilbakeflytting med mer. Å tolke økte inntekter til grunneierne som noe negativt, virker for spekulativt. Angående bygdeøkonomi viser i tillegg en Masteroppgave fra Ås også til positive uttalelser fra Senterpartiet, Bondelag, Bygdeutval, grunneiere (også uten fallretter) med flere.*
5. *Å påstå at Fjærlandskraften ikke betyr noe er et argument som ikke holder; her gjelder at alle monner drar. For øvrig mener vi at allmenne interesser ikke berøres i utilbørlig grad.*
6. *Småkraft fremhever at det er ca. 40 elver/bekker i Fjærlandsfjorden som ikke berøres, og at foreslått utbygging tar hensyn til verdiene i området.*

7. *Småkraft mener at alle kraftverkene kan bygges med akseptable konsekvenser. Det er viktig at alle realiseres for å kunne håndtere de store linjekostnadene.*

10. Sogndal kommune 16. desember 2005

Uttalelse:

Ønsker samlet vurdering før uttalelse gis.

Småkrafts kommentarer:

Ingen.

11. Sogn og Fjordane Turlag, 17. desember 2005

Uttalelse:

Generelt;

1. *Turlaget fremhever Fjærland; natur, kultur og friluftsliv og viser til at bygdefolket er aktive friluftsfolk.*
2. *Samlet planlegging ønskes.*
3. *Altfor dårlig arbeid vedrørende biologisk mangfold. Regelverket strekker ikke til.*

Småkrafts kommentarer:

1. *Småkraft mener at Fjærland blir like attraktivt etter en utbygging og at bygdefolket i hovedsak er for.*
2. *Samlet vurdering er utført.*
3. *Retningslinjene er fulgt.*

[...]

Uttalelse Lidal:

1. *Turlaget er i mot pga;*
2. *Kvalifisert villmark forsvinner*
3. *Området er viktig for reise- og friluftsliv*
4. *Redd for rødlistearter*
5. *Fraflyttet grend, lite å si for bosetning*

Småkrafts kommentarer:

1. *Bortfall av INON anses her som teoretisk vurdert pga at Lidalgrenda med småveier etc. ikke anses som tyngre teknisk inngrep.*
2. *Dette er å overdrive da atkomsten er tungvinn.*
3. *Rødlistearter er ikke påvist.*
4. *Småkraft anser bidraget fra kraftverket som viktig for opprettholdelse av bygninger og kulturlandskap.*

[...]

12. Norges Naturvernforbund, 19. desember 2005

Uttalelse:

Viser til og slutter seg til lokallagets uttalelse.

Småkrafts kommentarer:

Ingen ytterligere kommentarer.

13. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, 20. desember 2005

Generelt:

Fylkesmannen (FM) har en del generelle kommentarer, ønsker og krav om supplerende undersøkelser. Det gjelder vassføring, landskap, Rødlistearter / BM / naturtyper. I tillegg er det ønske om Samlet Plan for området.

Småkrafts kommentarer:

Vannføring og landskap

Kontroll av data fra vannføringsmålingene og sammenligning med andre avløpsstasjoner vil bli gjort rett før investeringsbeslutning tas for å få lengst mulig serie. Eksisterende data vil imidlertid bli benyttet ved anskueliggjøringen av elvene ved forskjellige vannføringer.

Generell kommentar, biologisk mangfold (BM)

FM peker i sin høringsuttalelse på at det skulle ha blitt gjennomført feltundersøkelser i prosjektområda til forskjellige tider på året for å få godt nok grunnlag for vurderingene. Det legges her vekt på at lokaliteter med eventuelle rødlistearter, spesielt fossesprøytsoner og bekkekløfter, men også bunndyr, samt skog og andre lokaliteter for rovfugl og spetter, skulle ha vært undersøkt bedre. Dette er i utgangspunktet en god idé for å skaffe seg mest mulig kunnskap om BM i området, men kostnadene med slike undersøkelser blir da svært høye. Det er tross alt snakk om småkraftverk. Miljøforvaltningen har gjennom flere år vektlagt at det i småkraftsaker skal gjennomføres biologisk mangfoldundersøkelser til en kostnad på rundt 20 000 kr. Dette gjaldt også i 2004 da disse undersøkelsene ble gjennomført. Samtidig har kravet til omfanget av disse undersøkelsene gradvis økt.

Vi mener at vi gjennom å identifisere verdifulle naturtyper og å si noe om potensialet for forekomst av sjelden arter (les: rødlistearter) ut fra undersøkelser og erfaringer gjort i nærliggende/lignende vassdrag, samt foreliggende opplysninger fra grunneiere og litteratur, har hatt et godt grunnlag for å vurdere konsekvensene for biologisk mangfold i de enkelte vassdragene.

Bunndyr

Felles for de omsøkte elvestrekningene, er at de generelt er bratte og strie. Undersøkelser har vist at det stort sett er arter av stein- og døgnfluer som trives under slike forhold. Av rundt 80 arter forekommende i Norge, er 9 oppført på rødlista. Ingen av de rødlistete artene er knyttet til hurtigstrømmende vann på Vestlandet. Dette er derimot ordinære arter med vid utbredelse i hurtigstrømmende elver over store deler av landet. Vårfluer (hvor hele 59 av rundt 200 arter er oppført på rødlista) trives med få unntak ikke under slike forhold.

Selv om enkelte arter i tørre perioder forsvinner fra de berørte elvestrekningene, er det sannsynlig at driv fra områdene oppstrøms vil føre til at de samme artene tilføres når vannføringen igjen blir høyere.

Fugl

De mest sårbare artene i forhold til vassdragsutbygging, er generelt vanntilknyttede arter som ender, vadefugl i stillestående og sakterennende vann. I mer hurtig-strømmende vann finnes fossekall og vintererle. I de gjeldende prosjektene er det imidlertid arter som hekker i skog som

blir hogd i forbindelse med anleggsarbeidet som blir mest påvirket. I prosjekt hvor vannveien legges i tunnel, er dette ikke noe problem. Erfaringer har vist at rovfugl og annen fauna, blir skremt vekk fra prosjektområdet i anleggsperioden, men at de kommer tilbake til området så snart arbeidet er fullført og den menneskelige aktiviteten avtar.

Botanikk

Når det gjelder botanikk, mener vi at retningslinjene er oppfylt. Vi finner det f. eks. unødvendig å undersøke f. eks. slåtteenger og beitemark som ikke er under fuktpåvirkning, og som på sikt dermed ikke får endrete miljøforhold. Den viktigste forutsetningen for at disse naturtypene skal bevares, er at lokalitetene holdes i hevd med slått/beite og at revegeteringsprosessene får foregå naturlig, uten tilførsel av frøblandinger.

Samla plan Fjærland

Samla plan for Fjærland er utført.

[...]

Uttalelse Lidal:

- *Tilrår ikke konsesjon ut fra allmenne interesser. Bakgrunnen er de store allmenne verdiene knyttet til landskap og inngrepsfrie områder og at inngrepene kommer i et landskap uten tyngre tekniske inngrep. Fylkesmannen oppmoder om utarbeidelse av samlet plan for området.*

Småkrafts kommentarer:

- *Se våre kommentarer for Romøyri som også vil gjelde for Lidal. Småkraft presiserer at Kvanndalselva er svært lite synlig fra fjorden.*

[...]

14. Norges Jeger- og Fisk – Sogn og Fjordane, 31.desember 2005

Uttalelse:

1. *Fokuserer en del på linjer*
2. *Ikke nok undersøkelser på fiskesiden*
3. *Er i mot Lidal og Jordal pga. anadrom strekning.*
4. *Er i mot Romøyri av landskapsmessige hensyn*
5. *De andre utbyggingene er ok.*

Småkrafts kommentarer:

1. *Linjer vil bli kommentert under linjesøknaden. Se også pkt. 11.*
2. *Viser til undersøkelsene som vi anser gode nok.*
3. *Viser til undersøkelsene der konfliktnivået er lavt eller fraværende.*
4. *NJJ bør ikke tillegges vekt her.*
5. *Bra.*

15. Sogndal kommune, 26. januar 2006

Uttalelse: Kommunen ønsker en samlet vurdering av kraftverk i Fjærland.

Småkrafts kommentarer: Dette er nå gjort.

16. Sogn og Fjordane fylkeskommune, 6. februar 2006

Uttalelse: Fylkeskommunen ønsker behandlingen utsatt til samlet vurdering av kraftverk og linje i Fjærland foreligger.

Småkrafts kommentarer: Ingen.

17. Rolf Romøren, 23. februar 2006

Uttalelse:

- *Uttalelsen gjelder primært Lidal og Romøyri og er kommentarer til Fylkesmannens og Naturvernforbundets uttalelser.*
- *INON: påpeker feil i INON kart (linje og vei mangler) og urimligheter i definisjon av tyngre tekniske inngrep.*
- *Redusert vannføring Rommedøla: påpeker hvor lite som er synlig og at Sevriselva bidrar med vann.*
- *Talet på elver i Fjærlandsfjorden: påpeker at det er mange andre og mer synlige elver ved Fjærlandsfjorden.*
- *Villmark, kulturlandskap og landskapspleie; påpeker at det visuelle inntrykket av utbyggingen blir lite (fjellanlegg), at bevaring og landskapspleie ikke gjør seg selv, med mer.*
- *Inntekter, ringvirkninger: påpeker direkte og indirekte fordeler av en utbygging.*
- *Energi og miljø: påpeker at prosjektene gir energibidrag (fornybar) til landsdel og land.*

Småkrafts kommentarer:

Småkraft slutter seg fullt ut til kommentarene som på en utmerket måte beskriver dagens og fremtidig mulig situasjon ved en realisering av anleggene.

18. Den Norske Turistforening, 31. august 2006

Uttalelse:

1. *DNT henviser til Fylkesvise planer og mener videre behandling må utsettes til dette er gjennomført. Fremhever 36 andre prosjekter i området med påfølgende sumvirkninger.*
2. *Småkrafts prosjekter har til dels store konflikter med naturmiljø, friluftsliv og landskap.*
3. *Romøyri; fremhever Romfossen (og nevner at restvannføringen ved fjorden blir 20 % av normal vannføring), kulturlandskap ved Romøyri og friluftsliv.*
4. *Lidal; fremhever lange berørte elvestrekninger, minimal restvannføring, friluftsområde, INON, stort potensial for rødlistearter (som trolig noen vil forsvinne).*
5. *Hatlestad; delvis rør i dagen og tid for revegetering.*

6. *Berge/Bjåstad og Jordal; mindre konfliktfylte og kan kanskje aksepteres med avbøtende tiltak.*
7. *Linje; linje ut fjorden er helt uakseptabelt, bør begrenses til og satses på 3stk 22 kV linjer, erstatte luftspenn med kabel og rive eksisterende linjer (hvis disse ikke rustes opp for å føre ut kraften).*
8. *Generelt; viser til sumvirkninger og fylkesvise planer.*

Småkrafts kommentarer:

1. *Småkraft mener at det bør holde med samla vurdering for Fjærland som utført av Sogndal kommune.*
2. *Småkraft mener at av ca 40 elver utbygges deler av 5 elver. De er av de største, men langt fra de mest synlige.*
3. *På grunn av at Sevriselva kommer inn nedenfor inntaket, blir restfeltet relativt stort. Det gir en restvannføring på ca 37 % av dagens situasjon ved utløpet i fjorden (uten vannslipping). For å se elva her må en ganske nærme med båt. Øvre deler av fossen rett nedstrøms inntaket er synlig fra fjorden, men avstanden er stor. Andre elver og fosser i fjorden er mer iøynefallende. Kulturlandskapet på Romøyri vil få bedre vilkår for bevaring. Med molo bør mulighetene for friluftslivet bli bedre.*
4. *Se pkt. 12 og 16*
5. *Se pkt. 12*
6. *Ok*
7. *Plan for linjer medfører totalt færre linjer enn i dag.*
8. *Ingen ytterligere kommentarer.*

19. Sogndal kommune, samla vurdering 18. desember 2006

Uttalelse:

1. *Kommunestyret tilrår konsesjon*
2. *Vilkår; minstevannføring minimum tilsvarende alminnelig lavvannføring om sommeren*
3. *Vei og rørgater må ikke komme i konflikt med stier, evt. Må stiene ordnes til igjen etter utbygging.*
4. *Permanente veier må tilpasses terrenget på en god måte etc.*
5. *Inntakene blir gjort minst mulig synlig ved terrengtilpasning etc.*
6. *Støynivået skal holdes innenfor rettledende grenser.*
7. *Tiltaket gjennomføres så skånsomt som mulig etc.*
8. *det skal utarbeides rapport inkl. avbøtende tiltak som gjør greie for hvilke negative konsekvenser utbyggingen vil ha for fossekall.*

9. *Krav om tilpassing av veier og annen næringsvirksomhet etter drøfting / godkjenning av kommunen.*
10. *Kraftstasjonen må trekkes opp fra fjorden eller på annen måte gjøres minst mulig synlige fra fjorden. Turbinvannet skal ledes ut i elveløpet. Endelig plassering skal behandles som byggesak.*
11. *Berge/Bjåstad; ikke anleggsaktivitet februar til juni nær hekkelokaliteter for kongeørn og hønsehauk. Alt. A kan utbygges hvis vannveien legges i tunnel.*
12. *Jordal; ikke anleggsaktivitet februar til juni nær hekkelokaliteter for kongeørn.*
13. *Hatlestad; Så langt råd skal det ikke bygges anleggsvei, men benytte helikopter. Ikke rør i dagen, men tunnel.*
14. *Lidal; Supplerende undersøkelser om biologisk mangfold kreves. ved prosjektering skal det legges frem plan om hvordan ev. konflikter med biologiske verdier skal reduseres. Plan for gjennomføring av tiltak i strandsonen.*
15. *Romøyri; som for 14. Lidal*

Småkrafts kommentarer:

1. *Småkraft er takknemlig for at kommunen går inn for alle prosjektene.*
2. *Ok, forutsatt at det menes alminnelig lavvannføring på årsbasis som skal slippes i de 5 sommermånedene.*
3. *Ok, så vidt mulig. Dette vil bli grundig behandlet i detaljplanene.*
4. *Ok, se 3*
5. *Ok, se 3*
6. *Ok.*
7. *Ok, se 3*
8. *Småkraft ser ikke behovet, men er åpen for en slik undersøkelse.*
9. *Ok, blir gjort i forbindelse med detaljplanemne. Småkraft vektlegger et fortsatt godt samarbeid med kommunen.*
10. *Se våre kommentarer under pkt 20, strandsoneanalyse. For øvrig får kommunen uttale seg om dette under detaljplanarbeidet og trenger da ikke egen byggesak.*
11. *Hensyn til hekking vil bli tatt og behandlet i detaljplanene. Utbygging forutsettes etter omsøkte alternativ. Detaljer avgjøres på detaljstadiet.*
12. *Ok, se 11.*
13. *Dette behandles under detaljplanene.*
14. *Ser ikke behovet for supplerende undersøkelser. Øvrige forhold blir behandlet under detaljplanene.*
15. *Som for 14.*

20. Sogndal kommune, strandsoneanalyse, 31. januar 2007

Uttalelse:

Kraftverkene omtales kun kort i analysen.

- *Hovedkommentaren her er at turbinhusene legges litt unna sjøen; dvs. utløp litt opp i elva ovenfor 100 meters beltet.*
